


# *Leidarsteidn*




**Årshefte 2013**  
**Bømlo Tur- og Sogelag**

Pris kr 100,-

## Innhold:

Forord.....	s 3
Tillitsvalde i Bømlo Tur- og Sogelag.....	s 4
Ungdomsklubben er i ferd med å bli vaksen	
Av Nils Henning Vespestad.....	s 5
Bertha Sofie Vold	
Av Ellen Vold.....	s 18
Verkstadane i Espenvær	
Av Bernt Emil Vika.....	s 24
Hillesveit skule 50 år	
Av Bernhard Selle.....	s 39
Baksidebilete.....	s 56



# Forord

2013 har vore eit heller rolig år for sogelaget når det gjeld arrangement. Me har hatt vår tradisjonelle skjærtorsdag på Berge. I år var me heldige med været, og ca 150 deltarar hadde ein nydelig dag der det som vanleg vart severt mat og drikke. Me hadde òg planer om å arrangera ”cowboykveld, korgafest” på Berge, men det arrangementet regna vekk. Sogelaget har saman med andre lag og bygdatunet vorte enige om å samarbeida om større arrangement i framtida. Det trur eg kan bli positivt for alle parter.

Når det gjeld vedlikehald er det Karinestova som har stått for tur i år. Der var det svært mykje därleg. Me har no skifta kledning og jekka opp taket på nedsida. Arbeidet her har vore utført av Magne Gravdal frå museet på Stord.

På Fridtun har det òg vorte gjort mykje i år. I samband med at det er 50-års jubileum for Hillestveit skule, har me laga ei lita gamaldags skulestova der og trapp opp til loftet der det i framtida skal innreiaast ein ”gamaldags” sløydsal. Arbeidet her har vorte utført av Knut’n og hans gjeng.

Ådna kyststasjon har òg fått seg ei ”vøla”. Dette arbeidet er det Lars Inge Vestvik og Svein Strand som har stått for. Turen til Ådno er vorte veldig populær, kanskje me skal frå neste år skipa til ”Årets Ådning”?

Neste store vedlikehaldsprosjekt er Hilleborgstova. Her skal me skifta kledning og ellers gjera det som er naudsynt. Fridtun skal òg få ei vøla, m.a. vindaugskarmane.

Me har òg sett opp informasjonsskilt på 4 av husa våre. Fridtun, Berge, Hilleborgstova og Karinestova. Alt dette vedlikehaldsarbeidet kostar, og takka vera sponsormidlar frå Haugesund Sparebank og Eidesvik Invest har me fått det gjennomført, tusen takk.

Styret i sogelaget har òg vore på ein liten tur til Tyskland, Thuringen, i år. Det er den delstaten i Tyskland som Hordaland fylke samarbeider med, og gjennom dei har me fått kontakter med tilsvarande lag der borte. Turen var veldig lærerik og motiverande for vidare arbeid med å ta vare på fortida vår.

Det er no 12. året Leidarsteidn kjem ut. Som de ser av innhaldestlista, så har me i år med oss to ”unge lovande” forfattarar. Takk til desse to, Ellen Vold og Nils Henning Vespestad. Ellen er med for første gang.

Det er mykje stoff og bilder rundt i bygda som skulle vore tatt vare på, men me treng hjelp til dette. Er det nokon som føler seg ”kalla” til å skriva eller bidra på annan måte, er me svært takksame for det. Som mange veit er me på Facebook òg, der ser me at sogelaget er populært, men det hjelper lite med 10000 ”likes” hvis det ikkje blir noko anna (me i sogelaget oppfattar kvar likes som 1 dugnadstime, de vil få innkalling). Som ein seier, ”det er ikkje berre å ropa halleluja, ein må gjera det òg”.

Treng vel snart ikkje seia det lengre, men utan Bernt Emil ingen Leidarsteidn, tusen takk i år òg.

Eg vil ynskja alle våre leserar og medlemmer ei riktig God Jul og eit Godt Nytt År!

Norvald Nytveit

Leiar

## Vi støttar Bømlo Tur- og Sogelag



**Haugesund Sparebank**

Sentralbord: 03240

Telefaks: 52705001

# Tillitsvalde for Bømlo Tur- og Sogelag, valde på årsmøtet 22. april 2013

## Styret

### Faste medlemer av styret

Leiar	Norvald Nytveit, 1 år (gj.val)
Nestleiar	Bernt Emil Vika, 2 år (gj.val)
Kasserar	Øyvind Monsen, 2 år (ny)
Sekretær	Nancy Helen Olsen, 1 år
Styremedlem	Odd Engen, 1 år
Styremedlem	Ivar Barane, 1 år

### Varamedl. til styret:

Signe Lønning, 1 år
Ellen Vold, 1 år (ny)

## Arrangementsnemnd

Ivar Barane (leiar), 1 år
Bernt Emil Vika, 2 år (gj.val)
Endre Barane, 2 år (gj.val)
Anne Karin Pedersen, 2 år (gj.val)
Daliella Neper, 2 år (ny)
Torhild N. Vika, 2 år (gj.val)
Oddvar Tufteland, 1 år
John Kr. Bauge, 1 år

## Restaureringsnemnd

Bergehuset	Knut Hegle, 2 år (gj.val)
	John Harald Bauge, 1 år
Fridtun og	Arne Vorland, 2 år (gj.val)
Hilleborgst.	Egil Lodden, 1 år
Kvernhus og	Ingvar Lønning, 2 år (gj.val)
Karinestova	Normann Larsen, 1 år
	Aksel König, 2 år (ny)
Saga	Arvid Samdal, 2 år (gj.val)
	Jermund Skår, 1 år
Ådnahytta	Lars Inge Vestvik, 1 år
Kvernhus på	Reinert Hovland, 2 år (gj.val)
Bergeseidet	

## Nemnd for merking av stiar

Odd Engen, 1 år
Helge Glærum, 2 år (gj.val)
Mie Grover, 1 år

## Skriftstyre

Bernt Emil Vika, 2 år (gj.val)
Odd Engen, 2 år (gj.val)
Norvald Nytveit, 1 år
Berge Olson, 1 år
Lars Inge Vestvik, 1 år

## Valnemnd

Ivar Barane, 2 år (gj.val)
Torunn Skippervik, 1 år
Øyvind Monsen, 1 år



## Internett

<http://www.b-ts.no>  
Mail: post@b-ts.no

## Org.nr.

985056761

# Ungdomsklubben er i ferd med å bli vaksen

Av Nils Henning Vespestad

**30-årsjubilanten Langevåg Ten Club er i dag den einaste fritidsklubben i Bømlo kommune. Dette er soga om oppveksten til ein samlingsstad som allereie har prega eit par generasjonar unge bømlingar.**

– Det var veldig stas å vera på ungdomsklubben, og ei fin tid. Og så vart det mykje meir samhald mellom begge kjønn, for på fotballtreningsa var me berre gutter, fortel Martin Sigurd Holme. Han var 15 år då Langevåg Ten Club såg dagens lys hausten 1983, og ein av ungdommane som brukte ungdomsklubben frå starten av. På eit bilete frå opningskvelden i oktober 1983 ser du Martin Sigurd med mikrofonen, medan han les opp frå ein lapp. Om det var den offisielle velkomsthelsinga, praktisk informasjon eller vinnarane av ein av konkurransane for kvelden, det hugsar han ikkje i dag. – Dette er kraftig lenge sidan, og ikkje det eg hugsar best frå ungdomsskuletida.



*Martin Sigurd Holme med mikrofonen. I dag hugsar han ikkje kva som sto på lappen, men det kan tenkjast at det var resultatet av ein av konkurransane den første klubbkvelden. Foto: B.E.Vika*

Men eg var ein geskjeftig type, hadde kjeften med meg, og vart lett sett til å gjera slike ting, smiler han.

Den offisielle opninga av Langevåg Ten Club fann stad den siste tysdagen i oktober 1983. Saman med Moster fekk Langevåg ein halvkommunal fritidsklubb denne hausten, noko som var vedteke av kommunestyret sommaren 1982. Ein halvkommunal klubb vil seia at drifta skjer i samarbeid mellom kommunen og friviljuge. Frå starten av sto Moster Ungdomslag for drifta av Klubbedubben fritidsklubb på Moster, medan Bømlo Skyttarlag tok på seg ansvaret på Langevåg. Kommunen betalte utgiftene og sto for leiarutdanninga, medan laga skulle sørge for friviljuge vaksenleiarar. Langevåg Ten Club tok i bruk gamleskulen i Kåso, eller det som no var blitt eit grendahus.

Ifølge Bømlo-nytt var dørane opne frå klokka 18.30 til nærmere 22.00 den første kvelden, og mange ungdommar var på plass frå starten av. Samla sett var 51 gutter og jenter i alderen 13-19 år innom i løpet av den første klubbkvelden, der mellom anna bordtennis, ulike spel og dans sto på programmet. Det vart også sett saman ei kjøkengruppe, med ansvar for kiosksalet på framtidige klubbkveldar, ei ryddegruppe og ei diskogruppe. Både ei foto- og ei bridgegruppe vart også diskutert som eit framtidig tilbod. Dei første vaksenleiarane var Signe Marie Lønning, Bernt Emil Vika og Odd Engen.

– Det som skjedde, var at kulturkontoret i Bømlo kommune tok kontakt med Bømlo Skyttarlag og lurte på om laget ville vera med

på å setja i gang ein halvkomunal fritidsklubb. Einar Vorland og eg var på eit møte der dette vart drøfta, og me vart samde om at skyttarlaget skulle prøva å skaffa folk som kunne vera med som leiarar, fortel Odd. Gruppa av vaksenleiarar reiste på eit kurs på Gullbotn turistheim utanfor Bergen, der dei fekk innføring i korleis ein driftar ein ungdomsklubb. Her deltok også vaksenleiarar frå mange andre fritidsklubbar rundt i Hordaland. Med seg heim hadde vaksenleiarane frå Bømlo tips om kva ein kunne驱iva med på den nye ungdomsklubben.

– Me hadde ganske mange aktivitetar, med diskotek og ulike kurs. Dette fungerte i fleire år, før det byrja å skorta litt på initiativet og slita på oss som dreiv med dette. Det gjekk litt i motbakke, kan du seia, men me haldt liv i klubben, sier Odd.

### Skyttarlaget si rolle

Det var ikkje eit skot i blinde av kommunen å involvera Bømlo Skyttarlag i klubbdrifta. Laget hadde allereie sidan 1980 leigd gamleskulen som klubblokale. Dette utvikla seg til forløparen til den halvkomunale fritidsklubben.

– Me hadde laderom, lagerrom og forskjellig anna der. Og me fann ut at sidan me først hadde desse lokala, kunne me også få i stand ein ungdomsklubb. Det fungerte til ei viss grad, og til slutt vart det til at AL Langevåg Grendahus overtok lokala. Skyttarlaget trakk seg etter kvart ut frå både klubben og lokala, seier mangeårig formann Einar Vorland i skyttarlaget.

Prosessen er grundig dokumentert i gamle årsmeldingar frå Bømlo Skyttarlag: I samarbeid med arrangementskomiteen «tok ungdomsutvalet initiativ til at me òg fekk sett i gang med opne ungdomskveldar i lokala. Bygdefolket hjelpte til med gamle møbler, og tiltaket vart svært populært. Ei tid hadde lokala ope 4-5 gonger i veka, og det kunne vera 40-50 ungdommar innom kvar kveld», heiter det til dømes i årsmeldinga for 1980. Ruteknusing, innbrot og hærverk gjorde at klubbkveldane måtte innstillast i ein periode, men i 1981 var ein i gang på nytt.

Stoda for grendahuset var ikkje avklara på denne tida. Skyttarlaget leigde huset etter at Hillestveit skulle flytta ut i 1979. I 1981 vedtok kommunestyret at AL Langevåg Grendahus skulle få overta gamleskulen mot å riva og flytta den til ei anna tomt. Ingenting var gjort då fristen gjekk ut 1. november 1981.

Den nye huseigaren ønskte at huset skulle stå til ei ny tomt var klar, og heldt fram leigeavtalen med skyttarlaget. I årsmeldinga for 1981 frå skyttarlaget heiter det mellom anna: «Ved sida av at klubblokala er nytta som møterom og liknande, har me på nytt hatt opne klubbkveldar for ungdom i bygda. Dette har blitt godt motteke, og sikrar dermed ungdommane ein stad å vera på kveldstid». Laget tok sikte på at dei fekk nytta lokala i ei tid framover, og såg seg nøydd til å ominnreia og pussa litt opp.

Vedtaket om å etablera ein halvkomunal fritidsklubb på Langevåg, vart altså gjort sommaren 1982. I årsmeldinga frå skyttarlaget for dette året, går det fram at rivinga no var utsett på ubestemt tid. Laget leigde no klasserom og toalett i kjellaren, det vestre kontoret i 1. etasje og den vestre salen i 2. etasje. Loftet vart nytta som klubblokale for skyttarlaget, medan kjellaretasjen skulle nyttast til ungdomsarbeid. «Arbeidet med oppussinga er i gang. Det er motteke kroner 10.000 som er øyremerka til oppussing av kjellaren», heiter det.

I årsmeldinga for 1983 skriv skyttarlaget at ein halvkomunal fritidsklubb på søre Bømlo no var stifta, i samarbeid med laget. Skyttarlaget si oppgåve var å skaffa leiarar og lokale. «Dette har me oppfylt», heiter det. Vidare fungerte huset no som grendahus, der AL Langevåg Grendahus og Bømlo Skyttarlag saman hadde forskottert eit nytt stereoanlegg til cirka 20.000 kroner. Ein komfyri til kjøkenet var også kjøpt inn. I årsmeldinga for 1984 heiter det at skyttarlaget sin leigeavtale er oppsagt, og at kampen for eit grendahus i bygda er krona med suksess. Laget hadde ein draum om å utvida lokala i kjellaren og bruka desse som innandørs skytebane, men her var korkje dei praktiske eller finansielle sidene avklara.

### Debatt om fritidsklubb

Dei halvkomunale fritidsklubbane på Moster og søre Bømlo var meint som ei prøveordning ut 1983. Dei vart vedteke oppretta av eit samla kommunestyre 28. juni 1982. Vedtaket innebar også at staben ved kulturkontoret skulle utvidast med om lag ein halv stilling frå 1. januar 1983. Ifølgje referatet i Bømlo-nytt, tok debatten i kommunestyret nesten halvannan time, og dreidde seg både om rus bruk, omsorgssvikt og problemet med at mødre ikkje heldt seg ved kjøkenbenken.

Annemor Jensen frå Venstre understreka at det var mykje fin ungdom i Bømlo, men hadde med sjølvsyn sett korleis tilhøva var mellom anna i Åreiddalen og på Svortland på kveldstid og i helgane: Mykje fyll blant til dels svært unge menneske. Det var difor eit behov for å jobba førebyggjande blant ungdommen på Bømlo, meinte ho. Bjarne Kristiansen frå Arbeiderpartiet poengterte at det var eit aktivt og godt organisasjonsliv rundt i kommunen. «Ein heil del av dei unge fell utanfor organisasjonslivet, men han trudde likevel ikkje at ein ville nå så mange av desse om ein gjekk inn for å skipa klubbar i kommunal regi. Det ville vel for det meste vera dei "organiserte" ungdommane som kom til å gå der også», skriv Bømlo-nytt om Kristiansen sin argumentasjon. Arne G. Sortland frå Senterpartiet lurte på korleis foreldregenerasjonen stilte seg til rusmiddel. Bømlo-nytt skriv følgjande: «Han peika også på at mødrene går i arbeid, slik at borna vert gåande for "lut og kaldt vatn". Dette trudde han var ei medverkande årsak til at så mange unge kjem skeivt ut når det gjeld rusmiddel». Partifelle Håkon Sørnstabø var i tvil om det var behov for halvkommunale fritidsklubbar, og viste til at «det var mykje meir fyll tidlegare».

Fleire understreka at dei halvkommunale fritidsklubbane ikkje måtte gå ut over det eksisterande ungdomsarbeidet i kommunen. Det vart også åtvara mot å dra sosialkontoret og uttrykket «uorganisert ungdom» inn i saka. Dei halvkommunale fritidsklubbane var ikkje meint som eit sosialt tiltak for vanskelegstilt ungdom, men eit tilbod til heile ungdomsflokken.

Dette argumentet vart gjenteke i det vidare planleggingsarbeidet. Ifølge Haugesunds Avis 4. oktober 1983 var det litt skepsis blant einskilte til kva det nye tilbodet ville innebera for lokalsamfunnet.  
– Lat meg seie det med ein gong. Vi får ikkje desse fritidsklubbane for å konkurrera ut det lags- og foreningsarbeidet vi alt har. Klubbane skal tvert imot tene som eit supplement til dette, fastslo kultursekretær Knut Magnus overfor avisar. Fritidsklubbane skulle vere opne for alle ungdommar i alderen 13-19 år, men ein tok i hovudsak sikte på å nå dei ungdommane som ikkje hadde eit tilbod frå før. Fire hovudreglar vart gjeldande: Nei til rusmidlar, hærverk, steling og mobbing. Tanken var å ha ein klubbkveld i veka, og eventuelt ein ekstra klubbkveld annankvar veke om tilbodet vart godt

motteke. – Fritidsklubbane skal vere ein stad der ungdommane sjølv skal få avgjere kva dei skal ta seg til. Difor har vi ikkje no bestemt kva for aktivitetar dei einskilte klubbane vil ha på tapetet, sa Magnus til Haugesunds Avis. Også Bømlo-nytt intervjuer Magnus nokre få veker før Langevåg Ten Club opna dørene for første gong. Her gjentok han dei same bodskapane som i Haugesunds Avis om at dette skulle vera eit supplement til det eksisterande, friviljuge foreningslivet i kommunen.

– Derfor vil me prøva å finna fram til klubbdagar då me kan unngå kollisjonar med dei ulike laga, og eg vonar det kan lukkast, sa Magnus til Bømlo-nytt.

Likevel var det ein viss skepsis til klubben då den opna dørene. Dei som gjekk på ungdomsklubben, hadde nok ikkje alltid så høg stjerne på bedehuset, slik Einar Vorland uttrykkjer seg. Odd Engen minnast følgjande historie:

– På bedehuset var det Yngres og Yngstes, og aktivitetar på same tidspunkt som på ungdomsklubben. Denne kollisjonen enda faktisk opp med ein uttale frå ungdommane sjølv til bedehusstyret om at dei hadde eit ønske om å gå begge plassane. Dersom ikkje bedehusstyret tok dette til etterretning, ville dei gå på ungdomsklubben. Dette var noko ungdommane sjølv ga beskjed om, utan påverknad frå oss. Det gjekk i orden, og bedehuset skifta dag for ikkje å kollidera med oss, fortel Odd 30 år etter.

### Klubbkveld for første gong

Så kom altså denne første klubbtysdagen i oktober 1983. Her gjekk ein god del av tida med til å orientera om det nye tilbodet, diskutera kva som skulle skje vidare, og ikkje minst avgjera kva klubben skulle heita. – Me hadde ein intern navnekonkurranse. Det var ungdommane sjølv som kom fram til dette namnet, etter eit demokratisk val blant alle brukarane, minnast Odd Engen. Referatet i Bømlo-nytt stadfestar dette: «Det var mange framlegg om namn, og ein komité samansett av representantar frå ungdomane og frå klubbleiarane valde ut ni namn som dei meinte var dei beste. Desse namna vart lagde fram for ein samla ungdomsklubb, og det var særleg tre namn som fekk røystene. Framlegga om "Boysen" og "Hillekroa" fekk kvar seks røyster, medan "Langevåg Ten-Club" fekk ein heilt klår siger med sine 24 røyster. Med det var altså namnespørsmålet avklara» skriv Bømlo-nytt.



*Stor innsatsvilje på dansegolvet under dansekonkurransen den første klubbkvelden. Vaksenleiar Signe Marie Lønning svingar seg med Knut Magnus frå kulturkontoret. Foto: B.E.Vika*



*Strenge dommarar under dansekonkurransen. Frå venstre Martin Sigurd Holme, May Helen Lønning (Barane), Randi Eidet, Rigmor Lønning og Sissel Gulliksen Dagsland. Foto: B.E.Vika*



*Godt humor på første klubbkveld! Fra venstre Alf Kåre Dagsland, Nils Johannes Lønning, Bernt Arne Gulliksen, Leif Helge Lønning og Mai Britt Hellesund. Foto: B.E. Vika*



*Varm mat hørte med på klubbkveldane fra starten av. Den første kvelden var det pølse og potetstappe som sto på menyen. Heilt til venstre sit Gunn Nancy Tollaksvik. På andre sida av bordet Paul Inge Kolbjørnsen, Martin Sigurd Holme, Tore Kallevåg (delvis skjult), Jorunn Husa, Reidun Solheim, Gunnhilde Vestrheim og Anne Grete Espesvik. Foto: B.E. Vika*



*Svein Lodden og Hildegunn Økland i aksjon under ein av konkurransane den første klubbkvelden.*

*Foto: B.E.Vika*



*Helge Vespestad fylte 13 år på seinsommaren i 1983, og var såleis ein av dei aller yngste som var til stades den første klubbkvelden. Foto: B.E.Vika*

30 år etter nyttar klubben framleis det same namnet med noko internasjonal klang. Riktig nok har bindestreken meir eller mindre forsvunne på vegen, og litt debatt har det til tider vore om kva klubben skal heita: Klubbstyret sine referatbøker viser at namnet var tema på fleire møte både i 1998 og 1999. Det står imidlertid ingenting om bakgrunnen eller kva som kom fram under sakshandsaminga. Eit handskrive, udatert notat fortel at mellom anna "Måken", "Langevåg Disco og Ungdomsklubb", "Skippern" og "Langevågs Paradis" var mellom forslaga som aldri vart vedteke. – Ungdommane syntes vel at namnet var forferdeleg kjedeleg, og ville ha eit tøffare og meir fancy namn. Men så blei dei vel ikkje samde, og klubben vart heitande det den heitte, seier Lisbeth Sørvik Tveit. Ho var vaksenleiar på ungdomsklubben då namnedebatten gjekk sist på 1990-talet.

Klubben heldt frå starten av til både i storsalen i hovudetasjen – som tidlegare hadde bestått av to klasserom – og kjellaretasjen. Ifølge Bømlo-nytt var det særstak aktivitet i kjellaren denne første klubbkvelden, der to bordtennisbord vart sett opp. Kjønnsrollemønsteret viste seg tydeleg, skal ein tru lokalavisa, då det helst var gutane som dominerte ved bordtennisborda. «Rundt ei rekkje bord oppe var det i gang mange forskjellige spel, og dessutan gjekk praten ivrig. Og på slutten av kvelden vart det liv i musikkanlegget. Då vart det også liv i ein del av jentene, som var ivrige på dansegolvet. Men gutane sat berre og såg på og trampa takten», melde Bømlo-nytt.

Ein av vaksenleiarane, Bernt Emil Vika, tok ei rekkje lysbilete denne kvelden. Bileta dokumenterer både den dåverande ungdomsmoten, eit solid oppmøte og at fleire konkurransar sto på programmet. Blant desse var dans og 80-talsklassikaren «innpakning av ein person i dopapir på kortast mogleg tid». – Det var også ein konkurranser der ein skulle flytta ein gjenstand frå armen og ut buksebeinet hos andre, innanfor kleda. Dette var jo spennande for dei unge. Og så viser bileta at det vart servert pølser og potetstappe, seier Bernt Emil. Sjølv trakk han



Gjett kren? Populær og litt spennande konkurransen for ungdom av begge kjønn. Gunnar Lønning og Monica Waage (Synnevåg) i aksjon. Foto: B.E.Vika



På 1990-talet diskuterte styret i Langevåg Ten Club om det skulle innførast røykeforbod på klubbkveldene. Saka vart utsett, går det fram av styrreferata. Bernt Arne Gulliksen markerte den første klubbkvelden i 1983 på denne måten. Foto: B.E.V

seg ut som leiar etter eitt års tid, da han tykte at det var vanskeleg å kombinera rolla som fritidsleiar med stillinga som lærar for dei same elevane ved Hillestveit barne- og ungdomsskule.

Sissel Gulliksen Dagsland er med på fleire av bileta frå den første kvelden. Ho var 19 år hausten 1983, og i øvre sjiktet for brukarane. Så var ho heller ikkje eit ordinært medlem av klubben: – Eg var med i oppstarten, frå dag éin og før den første klubbkvelden. Det var Kirsten Strand også, som er like gammal som meg. Me fekk spørsmål frå Odd Engen om me ville vera med, fortel Sissel. Medan mange jawnaldrande hadde reist vekk frå bygda for å gå på skule, budde både ho og Kirsten framleis på Langevåg. Dei fekk sentrale roller i oppbygginga av klubben.

– Eg hugsar eigentleg ikkje så mykje frå den første klubbkvelden. Me var vel litt spente på om det kom til å komma folk. Men det vart godt belegg, slik eg minnast det, seier Sissel. Ho hadde tidlegare vore med i skyttarlaget, og dermed vore brukar på forløparen til ungdomsklubben. Sissel meiner at ho var med i Langevåg Ten Club i eit par år, og fortel at ho mellom anna arrangerte dansekurs. – Det var veldig inn med «Fame» i den tida, og me dreiv mykje med dansing. Det gjekk i «Fame»-dans i kjellaren, og dette var det eg som sto for. Eg har alltid vore treningsinstruktør. Elles hadde me bingo fleire gonger, og det var vel ein del spel og sal av pølser og brus, minnast Sissel.

#### Mekking, rock og oppussing

Aktivitetane har vore mange opp gjennom åra. Discotek, bordtennis og biljard ser ut til å ha vore faste element i mange år. Det same gjeld mekkegruppe i kjellaren. Ein periode tidleg på 1990-talet var Odd Bjarne Hovland innleigd som mekkesjef, medan det har vore mellom anna sminke-, danse- og ulike hobbykurs for medlemanne opp gjennom åra. Elles har det vore både bingokveldar og bad taste-party, og i allfall ei utgåve av ei klubbavis vart til på første delen av 1990-talet. Dessutan



*Maten vert servert! Frå venstre bak bordet sit Paul Inge Kolbjørnsen, Martin Sigurd Holme og Tore Kallevåg. Foto: B.E.Vika*



*Jentene dansa mens gutane trampa takta og såg på, fortel Bømlo-nytt frå den første klubbkvelden. Her er frå venstre Jon Endre Olson, Jostein Lodden og Martin Sigurd Holme som veggpryd. Foto: B.E.Vika*



*Vaksenleiar Odd Engen har levert ein solid innsats i innpakningskonkurransen.  
Foto: B.E.Vika*

har julabord med pinnakjøt på menyen vore ein meir eller mindre årvisse tradisjon i lang, lang tid. Dei musikalske ungdommane i bygda fekk også eit tilbod: rockeverkstad, med eigne lokale aust i andre høgda. Dette skjedde i samarbeid med musikkskulen i Bømlo, og med Stig Louis Myklevold som leiar. Av styrereferata går det fram at rockeverkstaden starta opp hausten 1992: «Musikkgruppa er på plass oppe og øver. Dei er visst flinke», heiter det i oppsummeringa av klubbkvelden 9. september 1992.

På denne tida pågjekk innspurten av ein stor oppussingsdugnad i grändahuskjellaren. Målet var at klubben skulle få lokale som var deira eigne, med dansegolv, sitjegruppe og kiosk. Tidlegare føregjekk hovudaktivitetane i storsalen i 1. høgda, medan kjellaren stod fram som eit noko rotete lokale med mellom anna bordtennis- og biljardbord. Oppussing av kjellarhøgda og kjøp av ny mikseplutt vart vedteke av eit allmøte i klubben i april 1992, og allereie månaden etter var arbeidet godt i gang. Styret gjekk inn for at veggane skulle vera rauda, og slik vart det. Listene vart svarte.

Dugnadsgjengen jobba seg gjennom sommarferien, under leiing av Geir Vold og Odd Breien Vestrheim. Dei to var sjølv styremedlemmer i klubben. Lokala vart delt opp med ein lettvegg i villmarkspannel, medan gamle fiskegarn og tønner vart nytta som pynt. Mange av medlemmene i klubben frå denne perioden hugsar nok den karakteristiske fiskelukta frå tønnene, som no gjorde teneste som bossbötter. Det høyrer med til historia at den nyoppussa kjellaren vart eit svært populært festlokale – og altså ikkje berre nytta av

ungdomsklubben. I allfall: Laurdag 10. oktober 1992 vart dei nye lokalene vist fram for bygdafolk. Ifølge referatet frå styremøtet veka etter var frammettet dårleg, men arrangementet vart likevel omtala som vellykka.

### Stengde lokale og ny oppussing

Det vart raskt klart at grendahuskjellaren hadde andre leigetakarar. Mus vart observert pilande over golvet i det lyset vart sett på til nye klubbkveldar, og mange av sofaene i sitjegruppa vart oppetne nedanfrå. Hausten 1996 vart situasjonen tema på eit styremøte i klubben: Det vart vedteke at rydding og vasking måtte til i kjellaren, og at det kunne vera på tide å mala litt igjen. Innkjøp av rottefeller til kjellaren vart også ei eiga sak på styremøtet. – Det var stort svinn av chipsposar og sjokolade, veit du. Det var mykje rotter og mus i huset, og dei var inne i skapet der ein lagra snopet, humrar Øyvind Sæther Monsen, tidlegare leiar i grendalaget og før det igjen styreleiar i Langevåg Ten Club.

Kultur- og friluftsstyret i Bømlo kommune lika ikkje det dei såg under ein synfaring i lokalene våren 1997. Då kom det fram at lokalene «var sterkt nedslitte, og at det mangla mykje på forsvarlege hygieniske tilhøve. Det vart då sagt at klubben måtte stengjast om ikkje tilhøva endra seg», ifølge Sunnhordland 23. april året etter. Grunnen til den sistnemnde omtalen var at Langevåg Ten Club vart stengt for vårsesongen kvelden i førevegen. Dette skjedde grunna uforsvarlege hygieniske tilhøve og usemjje om leigetilhøva.

– Det er sterkt beklageleg på ungdommane sine vegne, det er dei og ingen andre dette går ut over, sa dåverande fritidsleiars Lars Grøteide til avisene. Her kom det mellom anna fram at kulturokontoret hadde vore i jamleg kontakt med grendalaget om rehabilitering av kjellarhøgda, utan at dette hadde ført fram.

Veka etter skreiv Bømlo-nytt at fritidsleiaren helst ville at klubben skulle fortsetja i lokalene, men at desse var for dårleg eigna: Diskotekdelen var for dominerande, og musikken gjorde det vanskeleg å snakka saman inne i lokalene. – Ungdomane har



*Siste dans på første klubbkveld. 30 år etter lever klubben framleis i beste velgåande. Foto: B.E. Vika*



*Langevåg grendahus, eller gamleskulen, busa Langevåg Ten Club frå starten i 1983 og fram til det vart rive. Grendahuskjellaren vart pussa opp fleire gongar i denne perioden. Foto: Nils Henning Vespestad*

nok ikkje problem med støyen, men faktum er at det er mange foreldre som nektar å stilla som vaktar på klubbkveldane nettopp på grunn av at det er for uroleg, sa Lars til Bømlo-nytt. Frå grendalagstyret si side vart det samstundes signalisert at noko ville bli gjort med lokalene.

Hausten etter vart klubbkveldane haldne i hovudhøgda i grendahuset, medan ein storstilt oppussing fann stad i kjellarlokala. Arbeidet tok over eitt år, og lokale eldsjeler tok mellom anna i bruk fleire netter for å komma i hamn. I mai 1999 vart ein nyoppussa grendahuskjellar nok ein gong vist fram for bygdefolket, med blålilla vegger og grøne lister, og ikkje minst nytt kjøken, tv-stove og toalett. – Eg trur det vert litt anngleis å gå i klubben no. Mykje koselegare, dessutan er det meir å gjera på, sa ein nøgd styreleiar Tone Linn Hovland til Bømlo-nytt i høve opninga. Fritidsleiar Lars Grøteide karakteriserte lokalene som dei beste fritidsklubblokala i kommunen.

– Det er heilt utruleg å sjå kva dei har fått til her sør. Då eg tok den upopulære avgjerda å stengja klubben for litt over eit år sidan, hadde eg aldri trudd det skulle bli så flott, utdjupa sistnemnte.

Prosjektleiar Rolf Magne Lodden anslo at det var lagt ned dognadsarbeid for godt over 100.000 kroner i lokalene. I tillegg kom kostnadene til kjøken, toalett og golvbelegg – og verdien av gåver. – Eg hugsar at Kristian Eidesvik donerte møblar frå Rica Maritim Hotel. Me fekk gå på eit lager ved Smedasundet i Haugesund og henta akkurat det me ville. Her fann me mellom



Grendahuskjellaren vart pussa opp i 1992, og i oktober kunne dei nye lokalene takast i bruk. Veggane vart knall rauda, med svarte lister. Foto utlånt av Hillestveit skule



Kjellang Gjøvåg (til venstre) og Marit Hansen var friviljuge vaksenleiarar på ungdomsklubben i ei årrekke. Her er dei på julabordet i 1993.

Foto: Nils Henning Vespestad



Dei nye lokalene fekk både kjøken og tv-store. I tillegg fekk klubben gamle hotellmøblar i gave, og desse gav lokalene eit snev av nattklubbkarakter. Her frå eit av dei aller siste juleborda før grendahuset vart rive. Foto utlånt av Langevåg Ten Club

anna fastmonterte sitjegrupper, slike typiske nattklubbmøblar, fortel Øyvind Sæther Monsen. Han var ein av mange som deltok på dugnaden. Rolf Magne var saman med Leif Reidar Vespestad hovudarkitekten bak arbeidet.

Arbeidet byrja trass i at planane for det som skulle bli Langevåg Bygdatun, no var kjente. Styret i Langevåg Ten Club uttrykte ein viss skepsis til planane i møtereferatet frå 16. september 1998: «dugnaden skal halda fram sjølv om Lauritz Eidesvik vil (...) riva huset og byggja kulturhus/kjøpesenter innan to år. (Hah).» heiter det her. Øyvind fortel frå dugnadstimane i grendahuskjellaren at Lauritz engasjerte seg i arbeidet:

– «Lauritz'n» var innom og såg på det me gjorde. Han sa at det var «vel nok», men at huset skulle rivast og at ein skulle byggja noko mykje betre her, smiler Øyvind. Han stadfestar at grendalaget la ned store pengesummar i huset, trass i at huset etter kvart ville bli rive. – Det var litt i det blå når huset skulle rivast. Det var ikkje bestemt kor fort det ville skje. Så me brukte litt pengar på kjellaren. Det var kanskje litt kortsiktig tenking, men så fekk dei då glede av det, alle dei som nyttar kjellaren, seier Øyvind.

Også dåverande vaksenleiar i klubben, Lisbeth Sørvik Tveit, er glad for at noko vart gjort. – Det var veldig därlege tilhøve i kjellaren då me starta opp med oppussinga. Det kom kloakkvatn ut i gangen, og det var forferdelig graps der. Etter kvart såg me at det ikkje var gode tilhøve for ungdommane å vera i, seier Lisbeth om bakgrunnen for oppussinga.

– Mange var med og jobba for å få skikk på kjellaren. Det vart veldig bra, fortel ho. Tidelegare hadde kjellaren to inngangar, med ei dør rett inn i salen i tillegg til hovudinngangen til den lange, smale kjellaren. No vart sistnemnde stengt, og det vart tvrom i den gamle gangen. Toaletta vart utbetra, mens kjøkenet vart plassert i det tidlegare mekkelokalet inst i gangen. Her vart det også møterom.



Øyvind Sæther Monsen tok seg av underhaldninga på julebordet i 1993.

Bak frå venstre DJ Jermund Skår, Karry Pettersen og Johan Lie.

Foto: Nils Henning Vespestad

### Nye leiarar kjem og går

Opp gjennom åra har mange vaksenleiarar vore innom Langevåg Ten Club. Organiseringa har også variert noko, frå faste friviljuge leiarar i mange år, via vaktansvar på omgang mellom foreldre i bygda, til løna, kommunalt tilsette vaksenleiarar. På tampen av 1989 herska det ein del frustrasjon i dei då tre halvkommunale fritidsklubbane Langevåg Ten Club, Klubbedubben på Moster og Fyrklubben i Foldøyhamn, grunna bemanninga ved kulturkontoret. Under budsjettdebatten for 1990 stemte kommunestyret ned eit framlegg om å tilsetja ein ungdomsarbeidar på tverrfagleg basis. – Ansvaret for eit godt oppvekstmiljø for born og unge er eit tverrretatleg ansvar. Dei tre fritidsklubbane vi har er viktige i det førebyggjande arbeidet, og eg meiner det er ei naudløysing og lite verdig å bruke sivilarbeidrarar og dei som er i arbeid for trygd til dette, sa kultursekretær Knut Martens etterpå til Haugesunds Avis. Han utdjupa skepsisen: – Det er midlertidige løysingar, og vi veit ikkje kva slags folk vi får. Dei kan ha lommene fulle av marihuana også, for det vi veit, sa han vidare, og meinte at den store dugnadsånda og idealismen i kommunen måtte oppmuntrast og pleiast.

Laila Olson, ein av tre vaksenleiarar i Langevåg Ten Club, sa til avisat at ho hadde planar om å gje seg etter friviljug innsats i fem år. Ho kritiserte kontakten med og oppfølginga frå kulturkontoret, og var

skeptisk til midlertidige løysingar med sivilarbeidarar. Artikkelen fortel elles at 15 år gamle Erling Lodden, og resten av styret i klubben, hadde sendt eit brev til kommunen og bedt om ein fast kontakt som kunne hjelpe dei med å få i gang interessante kurs og aktivitetar. Dans og biljard vart for kjedeleg i lengda, meinte styret. – Dei unge vil gjerne få behalde klubben, men det må vere skikkelege tilbod om aktivitetar. Høyre på musikk kan vi jo gjera heime, sa Lodden til Haugesunds Avis.

Kjellaug Gjøvåg og Marit Hansen leia klubben gjennom store delar av 1980-talet og eit stykke inn på 1990-talet, også etter at Laila trakk seg ut. – Det var Signe som spurde meg om eg ville vera med, og det sa eg ja til. Eg var med ei god stund saman med ho og Odd Engen, fortel Marit. – Det var ei kjempefin tid, og eg må seia at ungdommane var kjempeflotte. Me var gode kompisar med dei, og det er så snålt å treffa dei igjen i dag. Me var to gonger på Seljestad på ei hytte som tilhørde idrettslaget i Odda. Det var kjempekjekke turar. Me kjørte buss, og fekk skryt etterpå fordi det ikkje fantes eit papir igjen i bussen etter oss. Så ungdommane oppførte seg eksemplarisk, minnast Marit i dag. Ho hadde jobba saman med Kjellaug i over ti år då begge trakk seg ut tidleg på 1990-talet.

– Eg har alltid likt å vera blant folk, og er glad i folk. Derfor vart eg med. Og det vart berre kjekkare og kjekkare. Eg storkoste meg, og eg har så mange gode minner frå desse åra. Me følgde trass alt ungdommane i fleire år. Me laga russafrukost til oransjerussen, også. Den andre gongen eg var med, byrja Kjellaug og eg å laga mat klokka 24 natt til 17. mai. Så kom ungdommane til grennahuset då dei kom heim frå Åreiddalen eller Plattingen. Ein gong trur eg det var 80 ungdommar her. Så gjekk me heim i åttetida på morgonen, pynta oss og gjekk i tog. Det var givande netter, men me var trøtte då me kom heim, smiler Marit.

Lisbeth Sørvik Tveit var så leiar i rundt fire år. Også ho har gode minne frå tida. – Mange av ungdommane eg preika med på ungdomsklubben, preikar eg framleis med når eg møter dei. Eg fekk eit godt tilhøve til dei, og det har vore kjekt å sjå dei veksa opp, smiler Lisbeth. I dag er det Helga Aga Glærum og Inger Lise Hovland som er vaksenleiarar på Langevåg Ten Club. Dei er tilsette i Bømlo kommune, og klubben er i dag heilkommunal. Begge

byrja i 2000, same året som Elisabeth Knudsen vart fritidsleiar i Bømlo kommune og mellom anna fekk ansvaret for fritidsklubbane. Mange hugsar eit stort engasjement blant dei unge då det før jul i 2001 var snakk om å ta vekk stillinga som fritidsleiar: Ungdommar frå søre Bømlo møtte fram i kommunestyret med underskriftslistar og store plakatar. Rundt 50-60 ungdommar brukte klubben fast på denne tida. Elisabeth haldt fram, men stillinga hennar har endra seg mykje opp gjennom åra, og heiter no rådgjevar for kultur og idrett.

– Ansvaret for ungdomsklubben ligg framleis hos meg, så det har ikkje endra seg. Det er imidlertid berre ungdomsklubb att på Langevåg. Klubbane på Bremnes og Moster er dessverre lagde ned, då det var liten interesse og därleg besøk på desse, fortel Elisabeth. Fritidsklubben på Bremnes heitte Higren. Også Rubbestadneset hadde ei tid ein fritidsklubb, og denne hadde namnet Svampen.

Helga synes det er svært gjevande å ha vaksenansvaret på Langevåg Ten Club. – Eg har vore med i 13 år. Eg styrer ståket, og handlar inn varer og slikt, seier ho. – Det er grådig viktig at det er vaksenpersonar her. Dette er ein plass som er ungdommane sin plass, og berre deira. Og til oss kjem ungdommane med alle slags spørsmål. Me har tieplikt, og dette er ein trygg plass for dei, seier Helga. Ho byrja som vaksenleiar medan klubben heldt til i grennahuset. Så flytta klubben inn i midlertidige lokale i Bømlo Idrettslag sitt klubbhus på idrettsbanen medan Langevåg Bygdatun vart bygd. No har klubben eigne lokale i bygdatunet, som i motsetnad til lokala i grennahuset ikkje vert nyttta av nokon andre. Dette er viktig, meiner Helga, som sjølv deltok i ei rekke møter i planleggingsfasen av bygdatunet.

– Me har ope kvar onsdag, og i tillegg ein fredag i månaden. Det er mellom 30 og 40 personar som er innom, og det er kjempebra, tykkjer Helga. Som tidlegare står ulike spel sentralt på klubbkveldane. Det er populært med biljard, kort og Playstation med prosjektor på ein stor vegg. Elles går det i brus, pizza, snop og preik. Langevåg Ten Club har også i periodar arrangert opne kveldar for dei under klubbalder. Dette har vore eit populært tilbod, opplyser Helga.



Då Bygdatunet sto klart, fekk ungdomsklubben eigne lokale mot Sokkamyrå. Her har Langevåg Ten Club halde til i snart ni år. Helga Aga Glærum har vore vaksenleiar sidan 2000, medan det «lånte» vegskiltet har vore fast inventar i klubben iallfall halvparten av dei 30 åra den har eksistert. Foto: B.E. Vika

### Viktig røynsle vidare

Ei rekke ungdommar frå søre Bømlo har fått sitt første møte med styreverv, leiing og administrasjon gjennom Langevåg Ten Club. Det korrekte talet vil ein truleg aldri finna. Men ein gjennomgang av styrereferata frå hausten 1992 til våren 2000 viser at iallfall 60 lokale ungdommar har hatt eit styreverv i denne åtteårsperioden. Fleire av desse har også prøvd seg som diskjockey (DJ) eller i kjøkengruppa. Mellom personane som dukkar opp fleire gonger er Øyvind Sæther Monsen, som etter styreleiarvervet sitt i ungdomsklubben vart både leiar i grändalaget, russapresident og lokalpolitikar i Bømlo i ein periode. – Eg har alltid hatt lyst til å engasjera meg, og eg syntes det var kjekt å gå på ungdomsklubben. Eg var sikkert ein leiartype i den tida. Men eg føler ikkje at leiarrollene på ungdomsklubben har prega meg vidare i livet, meiner Øyvind. Han innrømmer samstundes at han fekk ein solid attest med seg frå dåverande fritidsleiar Johanne Kristiansen, i tillegg til kursprov frå eit leiarkurs for ungdom. Desse var greie å leggja ved jobbsøknader i åra etter. Andre ting har likevel vore viktigare ballast å ha med seg vidare i livet. – Ungdomsklubben har skapt felles minne og ein felles identitet hos ein heil generasjon.

Dette blir eg meir og meir opptatt av etter som åra går, seier Øyvind.

Også Martin Sigurd Holme, som var med frå første dag, rosar tilboden Langevåg Ten Club ga den oppveksande slekt på søre Bømlo frå hausten 1983. – Det er klart at mange såg på eit slikt tilbod som veldig bra. Me fekk gjera ting me var opptatt av, skrudde på mopedar og styrte på i kjellaren på gamleskulen. Eg hugsar også at me bygde litt om i kjellaren. Me reiv ned nokre veggar, og sette opp nye. Dette fremma samhaldet mellom elevane på ungdomsskulen, som fekk løysa oppgåver i lag, oppsummerer Martin Sigurd.

Sissel Gulliksen Dagsland slår fast at ungdomsklubben har prega eit par generasjonar, så langt. – Klubben har betydd mykje, og den betyr mykje framleis den dag i dag. Det er veldig greit å ha ein slik plass å preika og spela og treffa andre, utan at det krevst at du skal kunna noko. Er du med i skyttarlaget eller idrettslaget, er det heile tida konkurransar som gjeld. Det er det ikkje her. Ungdomsklubben er nok kommen for å bli, fastslår ho.

# Bertha Sofie Vold

Av Ellen Vold

**Bertha Sofie Vold, betre kjent som ”Bertå på Vådel”, vart fødd 10.03.1909 på Vold. Foreldra hennar var Mathilde og Rasmus Vold, og Bertha vaks opp som eldst i ein syskenflokk på sju. Barndomsheimen hennar har til nyleg vore bustaden til bror til Bertha, Sigurd Vold og kona Helene.**

Frå nabogarden på Vold fann ho sin livsleidsgar, Alfred Vold, f. 1897. Han var son av Gyrine og Anders Vold. Bertha og Alfred gifta seg og flytta inn i barndomsheimen hans. Før Bertha var 19 år, fekk dei det første av til saman 14 barn. Etter det gjekk det slag i slag, med halvanna år mellom alle dei 14 barna.

Då Bertha og Alfred flytta inn i heimen, flytta foreldra til Alfred og dottera deira Petra opp på loftet. I tillegg budde Alma, som var på ”pleieheim” hos familien, saman med dei. Butilværelsen på loftet skulle vere midlertidig, då Anders haldt på å byggje eit nytt hus ved sidan av det gamle. Slik gjekk det ikkje for Anders sin del. Han døydde i 1927 før huset sto ferdig. Dermed blei Gyrine, Petra og Alma buande på loftet lenger enn tenkt. Etter kvart flytta Petra bort i nye-huset, medan Gyrine blei verande i gamlehuset.

Alfred hadde jobb som fiskar på vinterhalvåret og som snikker sommarhalvåret. Han var, saman med Arne Dencker og Ingmar Nilssen, blant dei som bygde bedehuset på Langevåg. Vinterstid kunne Alfred vere borte frå familien opptil to månader. Dermed fall mesteparten av ansvaret for heimen på Bertha. Ho blir hugsa som eit arbeids-kvinnfolk som jobba frå tidleg på morgonen til seint på kvelden. Livet var nok til tider hardt. Det var lite pengar, mykje arbeid og mange munnar å mette. I tillegg til heimen, hadde ho ansvar for gardsdrifta. Der var det



*Alfred og Bertha Vold. Foto frå Arne Vold*



*Foreldra til Bertha, Mathilde Ellingsdatter Vold f. 1890, og Rasmus Bertilsen Vold f. 1881. Foto frå Lars Inge Vestrik*



Gardshuset på Vold. Foto frå Arne Vold

kyr, hest, sauер, høns og gris som kravde sitt daglege stell. Barna måtte tidleg nyttast til arbeidskraft for å klare å halde hjula i gang. Kveldane blei nyitta til å tvinne garn i den litle stova.

Kvar vår, frå mai til august, blei kyrne sett til sommarbeite i Vodlamarka, nord ved Løvegapet. Her fekk dei beite fritt, og slik kunne ein spare på det sårt trengte vinterføret. Mjølkeruta for Bertha og nabokonene blei lang. Kvar morgen og kveld gjekk dei på ”Stolen” for å mjølke. Tilbake hadde dei med seg svære mjølkespann på ca. 8 liter. Ruth tok tidleg del i dette arbeidet saman med nabojenter. Trass i lange gåturar med tungt å bere, hugsar Ruth dette som ”grådig kjekt og sosialt”.

Huset på haugen, rett over bedehuset, hadde flott utsikt utover Bømlafjorden. Derfor låg det strategisk til under krigsåra, og tyske soldatar såg raskt eit potensiale i huset. Her kunne dei ha fri sikt utover heile vågen, og loftet blei dermed okkupert av tyske soldatar. Deler av heimen skulle no brukast til utvikspost. Døgnet på tamp var det no soldatar som trampa inn i heimen for å gå vakter. Dette skapte nok ein utrygg atmosfære for familien og dei 8 barna. Bertha tok likevel imot soldatane med omsorg og medmenneskeleg kjærleik. Ho varta dei opp og spreidde rundt seg med sine varme smil. Slik

vart ho på godfot med soldatane, og livet i heimen gjekk sin vante gang. Framleis budde Bestå på loftet, og hadde kjøkenkroken sin attmed vaktposten deira. Ruth hugsar Bestå uttala at ”nei, dei er eg ikkje mykje redd! Dei er så snille at!”

Huset på Vold har i lange tider vore skeivt. Ein kunne tydeleg sjå inne i stova at golvet helte nedover. Årsaka til dette, var eit kulelyn som passerte gjennom huset. Kula kom inn oppe i kjøkenkroken til Bestå, fylgde trappa nedover, før den gjekk gjennom kjøkkenet, inn stova og ut i kjellaren. På veg gjennom huset, tok den med seg eine stoveteppe. Dette blei seinare funnet att nede ved bedehuset. I dag står ikkje huset lenger, det blei rive i 1998. Martin Vold, ein av sónene, har bygt eit nytt på denne tomta.

Bertha opplevde i livet sitt å overleve 7 av barna sine dødsfall. Desse umenneskelege erfaringane førte til at ho bar på meir sorg og sakn enn det er mogeleg å førestille seg. Etter den fyrstefødde, Ruth (i dag Hovland), f. 19.02.28, fekk ho i 1929 ein gut, Anders. Han fekk brennande vatn over seg og døydde, 1 år gammal. I 1930 fekk ho ein til gut som dei òg kalla Anders. Han døydde av lungebetennelse, han blei òg berre 1 år gammal. Deretter fekk dei Alice (i dag Pettersen), f. 06.12.31.

I 1934 fekk dei Reinert. Han blei 22 år gammal. Han var syklande på veg til Sollia for å møte båten Bømmeløy, som var på veg inn til lands. Der om bord jobba broren Martin, og Reinert skulle møte opp på kaien for å ta imot han. Så langt kom han aldri. På vegen passerte Reinert Betty Olson. Han hadde smilt så fint til henne i det han passerte. Deretter hørde ho at han fall. Då ho kom bort til han, var han død. Litt lengre bak kom lillebroren, Arne, 11 år gammal. Han skulle òg til Sollia for å ynskje Martin velkommen heim, og sprang eit stykke bak Reinert. Arne fortel i dag at denne opplevinga sit sterkt i minnet. Kontrasten mellom liv og død var stor. Minnet om broren i levande live der han i den eine augneblinken fer glad og forventningsfull av garde på sykkel og i neste augneblink ligg død på vegen.


Den 31.01.36 blir Arthur fødd. Han gifta seg med Oddny Larsen frå Leka, og dei fekk to jenter, Anne Britt (i dag Vestvik) og Randi (i dag Austneberg, busatt på Vea, Karmøy). Arthur arbeidde om bord på Betelskipet "Eliester" og ein kveld gjekk han for å posta brev til kona og småjentene. Brevet kom heim, det gjorde aldri Arthur. Han blei funnen utanfor lugardøra si. Død. Minstejenta var 1 år, den eldste nesten 3 år.

Johan blei fødd den 14.12.37. Han gifta seg med Aud Fagervik. I dag lever ikkje Johan. Han døydde plutselig i 2003.

Gurine, fødd 14.05.39, gifta seg med Kristian Dagsland og fekk barna Evelyn (i dag Vespestad), Kjell Gunnar, Alf Kåre, Tommy og Dagny Beate. Gurine blei 39 år. Ein dag var ho ute for å rope barna inn. Dei var i "haugane" og lekte, og då ho gjekk dei i møte, datt ho om på stien. Barna fann henne. Ho lét etter seg fem barn, i alderen 5 til 16 år.

Martin blei fødd 20.09.41, før Bjørg (i dag Fagervik, busett på Våge) kom til verda 01.10.43.

Deretter kom Arne, fødd 03.08.45.



*Alfred Vold. Foto frå Arne Vold*



*Mathilde og Rasmus Vold med fem av barna: F.v. Elling Vold, Sigurd Vold, Malene Vold (Pedersen), Margit Vold, Bertha Vold. Foto frå Arne Vold*

Rolf Bjarne blei fødd i 1947.

Han blei 11 år gammal. Ein dag på skulen, i eine friminuttet, med mange elevar i ulike aldrar som vitne, datt han død om.

Bernt blei fødd 19.09.49. Han døydde brått i 2011.

Minstejenta, det fjortande barnet, døydde rett etter fødselen. Ho hadde navlestrenget tvinna rundt halsen. Jordmora i bygda, ”Fru Jonasen”, skjønte undervegs i fødselen at noko var gale og sende Bertha til sjukehuset i Haugesund. Ho for av garde med ferja fra Kåså og buss fra Buavåg. Ho fødde jenta på sjukehuset. Bertha har uttalt i ettertid at ”det gjekk så tutlete med pleiarane på sjukehuset at jenta døydde til slutt” (sitat Ruth Hovland).

I 1964 mista ho mannen.

Han blei 67 år. Bertha var då 55 år. Det same året som ho mista mannen, mista ho òg mora si, eine broren sin, og bestevenninna, ”Lavå”, som budde i nabohuset ”Lavastova”.

Vi kan spørja oss korleis det er mogeleg å overleve alle desse dødsfalla. Angsten for kva tid det neste vil inntrefje, må ha vore skremmande. Redninga hennar var kanskje den sterke gudstrua. Ho hadde ein indre vissheit om at dei var heime i himmelen. Ho fortalte sjølv om fleire syn ho fekk, der ho såg barna sine i kvitkledde kjortlar. Dette bar ho med seg, og det gav henne fred gjennom kvardagen.

Bertha var i mange år engasjert i kristent foreningsarbeid. Ho starta, saman med systera Malene, både gute- og jenteforeining. Mange av barnebarna var med i desse,



Bak f.v.: Reinert, Ruth, Arthur, Johan  
Framme f.v.: Bjørg, Gurine, Arne, Martin. Foto frå Arne Vold



Bak f.v.: Arne Vold, Bjørg Vold, Martin Vold  
Framme f.v.: Einar Pedersen, Rolf Bjarne Vold, Bernt Vold. Foto frå Arne Vold



1. rekke f.v.: Bertha, Bernt, Alfred. 2. rekke f.v.: Reinert, Arne, Rolf. 3. rekke f.v.: Bjørg, Gurine, Ruth, Alise.  
4. rekke f.v.: Johan, Arthur, Martin. Foto Ingvard Hovland

deriblant meg. Her fekk barn og ungdom høyre Bibelforteljingar, vi fekk mat, vi gjorde handarbeid og avslutta med utlodding og ”Fader Vår”.

Det blei oppdaga ein alvorleg hjartefeil i familien som førårsaka alle desse plutselige dødsfalla. Heldigvis fekk ein etter kvart kartlagt, for så å gi medisinsk hjelp og oppfylging til dei etterlevande. I 1982 fatta ein lege på Haukeland interesse for familien med alle tilfella. Han ville bruke familien som forskingsprosjekt, sidan det var så mange tilfelle i same familien. På den måten har etterkomarane til Bertha bidrege til auka kunnskap om denne genfeilen.

Bertha døydde 03.06.87, av hjerneslag. Ho etterlot seg 7 barn, 33 barnebarn, og ho ville i dag hatt 65 oldebarn og 15 tippoldebarn.

Farmor har nok opplevd meir enn det er mogeleg å forstå at eit menneske kan klare. Trass i dette var ho eit menneske som gav mykje til alle ho møtte. Ho spreidde rundt seg med kjærleik, omsorg og glede for omgivnadene. Frå eit barnebarn sitt perspektiv var ho full av godheit, og ho hadde ein eigen evne til å ta bort ”alt det vonde”. Likevel er ikkje dette berre eit subjektivt perspektiv. I møte med eldre menneske, fullrosa alle henne for det medmenneske ho var. Ho var utelukkande snill og omsorgsfull. Heimen ho skapte, var gjestfri og open for alle. Ho inkluderte og tok vare på alle rundt seg og det er med stolthet eg berettar om henne.

(Skrive av Ellen Vold, dotter til Arne Vold, nr. 11 av etterkomarane etter Bertha og Alfred Vold)

Dette blei skrevet til minne om Reinert og Rolf Bjarne 08.09.64, av bestemor Mathilde:

## Reinert og Rolfs minne

Til foreldru og sørskun og skriv her et minde om barna de hadde så mye. Reinert en dag fra gammelt gikk dødens bua så hastig fikk. Det er langt nai døden koller ikke i sin beste alder, men Gud sonne takkes vi ikke forslår, og virgane hans er bedre en vår. Reinert var en apper qui var se han soke og levde er slut men minndene lever lenger og at vi skal møte ham hos Jesus nå, og alle våre dør.

Rolf Hagn var barn 11 år samme budsrap fødtidane fjer, han fikk på stolten, der signet han en, døden tilfølge før han sørskun kom. På sin arme tilkjemmet de har et smedens vissle fra Norge Tur. Kommt regn du alltid gje, lykkes - ja Gud du alltid fjer, var dag som går. Ordia og glimmer din led da var små og med sine sydlic armer de lå her i sykkeldom sine op til sit høyst, og føle freist når en plasset dans som rett du fikk og kom, men en bedre plass du fikk til himmelski inne land du fikk det skal vi møte våre kare ein for återig i stilla me, da er i grann fjord inn land av sine grønne glom

Da opnus den dør til himmelsstad  
der renes de alle mørke lade  
ås alle møtt du, og ingen var rau  
sønn

8/9 64

Bjørner

Dette minneordet om Reinert og Rolf Bjarne vart skrive av bestemor Mathilde den 8. september 1964

# Verkstadane i Espesvær

Av Bernt Emil Vika

Denne teksten om verkstadane i Espesvær byggjer på samtale med Johannes og Kåre Mæhle (Espesvær) og Håkon Størkson (oppvachsen i Espesvær, busett på Mækjebakken). Vidare byggjer teksten på intervju som Kjell Birger Sønstabø gjorde med Arne Ånderå, Goddo, i 1996 og Knut Kvernenes ei stund før Kvernenes døydde i 2013.

## Espesvær Slip og Mek. Verksted

På slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet var det ein svært driftig mann på Espesvær med namnet Berner Garvik. Han levde frå 1864 til 1943. Allereie som ung slo han seg opp som fiskebåtetreiar og eksportør av sild og makrell. Saman med broren Ole kjøpte han listaskøytnene "Garvik" og "Lyderhorn" som dei brukte til sildesigling og makrelldorging. Seinare kjøpte dei sluppar frå Yarmouth i England, m.a. "Phantom" og "Fix". Berner kjøpte to saltebuer i Espesvær og heile året hadde han folk i arbeid med salting av sild og makrell. Han bygde saltdepot med store bingar til lagring av salt. I Garvika sette han opp eit trelastlager, og herifrå selde han trelast til heile distriktet. Verksemnda til Garvik gjekk godt og han hadde mange tilsette. Om somrane var han på Hankø i Oslofjorden, der han hadde hytte. For å koma fram og tilbake til Hankø brukte han lystfartøyet "Virginia".

Etter kvart kjøpte han skuter for selfangst i Vestisen, t.d. "Alfa", "Havfruen", "Håkon", "Utnoring", "Enos" og "Isodd". Han skaffa seg skipperar og skyttarar på desse, først og fremst frå Tromsø. Ein av dei mest kjende skipperane var Peder Pettersen, som slo seg ned i Espesvær. Fullasta med selskinn og spekk kom fangstskutene frå isen og landa fangsten på "Concordia", Berner Garvik sin eigedom ved Svartesjøen. Her vart spekket kokt til tran.

Berner Garvik gjorde det eventyrlig godt i fleire år, og for å forvalta pengane starta han aksjeselskapet "Espesvær Fangst- & Fiskeriselskab A/S". Med seg hadde han Ole Garvik, Ola Størksen, Karl Garvik (alle Espesvær) og Thorvald Johan Kyvik (Haugesund).

Saman med russaren Mikhail Rostchakowsky kjøpte han ishavsskuta "Malula". Denne vart bygd i Rosendal i 1917 og var lenge den største selfangstskuta i Vestisen. (Les meir om Rostchakowsky i Leidarsteidn for 2007).

Berner Garvik engasjerte seg i bygging av bedehuset i Espesvær og brukte mykje pengar på det. Han leverte all material frå trelastlageret og køyrd med to hestar, den eine hesten frå Bømlo.

Som alle andre båtar hadde også båtane i Berner Garvik sin flåte behov for reparasjonar og vedlikehald. Ein slipp med tilhøyrande verkstad var difor nødvendig for å ta seg av eigne fartøy. Etter alt å døma sette han i gang med bygging av ein slipp ved Svartesjøen, men gav opp denne og valde Ådnøystølen på Ådnøy i staden. Her var det betre plass enn ved Svartesjøen. Utstyr til sluppen vart kjøpt frå ein verkstad i Haugesund som vart avvikla. Det var der den kjende smøreappararprodusenten Bauer-Nilsen seinare sette opp den første verkstaden sin. Slippvogna vart gjort noko kortare då ho vart montert i Espesvær. Både sluppen og tilhøyrande verkstadhus var ferdig i 1918. Prisen på alt var 119.000 kr. Av den første sluppen er ingenting att i dag. Året etter, i 1919, vart sundet mellom Baadeholmen og Ådnøy tetta igjen med ein molo av stein som vart frakta frå Eidesvåg på Bømlo.



Berner Garvik.  
Foto frå Anne Lise Garvik

Til arbeidet på sluppen trøng Garvik ein mekanikar. Ein dansk smed,

Julius Sørensen, som først hadde arbeidd på Møllerveien Mek. Verksted og seinare på ein verkstad på Garpaskjær i Haugesund, fekk greie på dette og melde si interesse for jobben i Espenvær. Han var fødd i Fredericia på Jylland i 1884, og var utdanna smed i Danmark. Ei stund arbeidde han på eit verft i Flensburg i Tyskland. Deretter kom han til Norge som agent for Hein-motorane saman med bror sin. I Norge monterte han motorar i listaskøyter o.l. I samband med dette arbeidet enda han opp i Haugesund, der han vart gift med Kristine Hovland frå Skjold, f. 1887. Kristine mislikte sterkt at mannen hennar no ville dra til Espenvær, men gjekk etter kvart motvillig med på flytting. På Baadeholmen fekk ho fort venninner. Sjølv gjekk ho under namnet fru Sørensen, medan dei andre vart tittelerte fru Garvik, Lovise på Holmen, Karoline på slippen og Hilda. Ein viss rangordning kunne ein her fornemma. Julius Sørensen vart no leiar for den nyetablerte slippen som fekk namnet "Espenvær Slip og Mek. Verksted". Med seg til Espenvær hadde ekteparet Sørensen fire jenter, Karin, f. 1912, Erna, f. 1914, Hjørdis, f. 1915 og Rigmor, f. 1917. Ei jente, Gerd, vart fødd på Espenvær i 1920.

Familien Sørensen, som kom til Espenvær seint på året 1917, budde først rundt eit år i det såkalla Steinkopfhuset på Holmen. Så flytta dei inn i Baadehuset der dei budde til 1940. Då kjøpte Sørensen eit hus like ved Baadehuset som gjekk under namnet "Fjøsen". I dette huset var det husvære i eine enden og løe i den andre. Sørensen fekk bygt om huset slik at alt kunne nyttast til å bu i. Material til ombygginga henta dei i Haugesund den dagen krigen braut ut, den 9. april 1940. Lars Brekke og Torvald Tjong utførte arbeidet.

Etter at slippen på Ådnøy var ferdig og i full drift, gjekk forretningsverksemda til Berner Garvik bra enno i ein 2 - 3 år, men resultatet vart gradvis dårlegare, og i 1921 var konkurs eit faktum. Konkursen vart tinglyst 4. juni 1921, og det var Bømmel Privatbank som administrerte konkursbuet.



Julius Sørensen og Kristine Hovland. Foto fra Kåre Mæhle

Dei glade 20-åra vert 1920-talet gjerne kalla, men for mange var tiåret prega av konkurs, arbeidsløyse og nød. Heller ikkje bankar gjekk klar, og i dragsuget av Garvik-konkursen og generell nedgang i næringslivet elles, gjekk også Bømmel Privatbank konkurs like etter konkursen i Espenvær. Ein ny bank med namnet Bømlo Kommunale Sparebank vart etablert i 1923. Den konkursramma banken, Bømmel Privatbank, vart innlemma i den nye sparebanken. Problema i verda toppa seg i det store krakket på New York-børsen 29. oktober 1929.

Etter konkursen i Garvik-selskapet, leigde smeden Julius Sørensen eit naust på austsida av Baadeholmen og begynte for seg sjølv. (Meir om verkstaden til Sørensen lenger nede i denne artikkelen).

Først i 1930, fleire år etter konkursen, vart slippen seld. Anders Kvernenes frå Kvernenes ved Brandasund i Fitjar og Arne Ånderå frå Ånderå på Goddo i Bremnes kjøpte då slippen og verkstaden av Bømlo Kommunale Sparebank for den nette sum av 5.000 kr. Kjøpet vart tinglyst 7. mars 1930.

Slippen måtte oppgraderast. Delar av dei store trestokkane i slippbanen var etne opp av makk og måtte erstattast. Anders og Arne fekk rede på at Stavanger Skibs-Ophugnings Co. AS i Stavanger




*Verkstadane til Sørensen (til venstre) og Kvernernes på 1950-talet.  
Foto frå Knut Kvernernes*

nett hadde hogd opp eitt av Norges største treskip, fregatten ”Kong Sverre”, og hadde store mengder tømmer for sal. Mellom anna hadde dei dei såkalla tyskendekksbjelkane liggjande. Desse hadde vore brukte langsetter skipet for å stiva av dekket der kanonfundamenta stod. Dimmensionen på desse var 10” x 10”. Tilstrekkeleg lengde med bjelkar av denne typen vart kjøpte inn og erstatta med dei gamle. Dette skjedde i 1932.

Anders og Arne dreiv slissen saman fram til 1937. Då overtok Anders slissen aleine. Han budde ovanpå på verkstaden saman med kona Johanna Størkson, f. 1911.

Anders og Johanna hadde fire barn, Bernt Olav, f. 1937, Modgunn, f. 1943, Arne, f. 1947 og Dagfinn, f. 1950. Dagfinn døydde i ei tragisk flyulykke i 1982.

Anders Kvernernes var ein svært dyktig mekanikar, men folk på den tida hadde lite pengar så innteninga



*Johanna og Anders Kvernernes. Foto frå Modgunn Ihle*

var ikkje alltid like god. Han var oppteken av hurtiggåande båtar som han sette bensindrivne bilmotorar i. Bensin skaffa han seg hos Hans Tvedt, kjøpmann på Bømlo. Kvernernes hadde læregutar på verkstaden sin, m.a. gjekk brørne Odd og Håkon Størkson der i lære.

Etter tre års drift med ansvaret alleine selde Anders slippen og verkstaden til onkelen, Jonas Kvernernes, tinglyst 25. november 1940. Prisen var då 12.000 kr. Det var meininga at Jonas skulle overta slippen tidlegare, men utbrotet av andre verdskrig sette ein stoppar for det. Anders og Jonas gjorde eit makebyte, og Anders overtok eigedomen til Jonas i Kverneneset og flytta dit med familien. Seinare flytta dei til Sagvåg der Anders fekk arbeid på Ottesen Skipsbyggjeri. Så flytta familien tilbake til Kverneneset og deretter til Leirvik. Her bygsla han ein tomt med sjøhus der han bygde snekker og utførte div. reparasjonsarbeid på båtar. Men festetida for tomta var berre 5 år, så Anders søkte jobb i Haugesund og fekk arbeid hos Brødrene Lothe AS Flytedokken. Her var han lenge den einaste som var tiltrudd arbeidet med å dreia propellakslingar. Nokre månader budde familien på Vormedal før dei kunne flytta inn i ein 4-manns bustad i Haugesund som Anders hadde kjøpt. I kjellaren her bygde Anders små joller på hobbybasis. Han døydde i 1978.

Jonas Kvernernes, f. 1891, kom frå Brandasund, på den tida i Fitjar kommune. Han hadde 9 søsken som vaks opp. Alle gutane dreiv med trearbeid og mekanisk arbeid. Ein av dei var Kristian Steinsbø som etablerte eit byggefirma i Urangsvåg. Jonas var gift med Karoline Knutsdtr. Sæverudsøy, f. 1893, og saman hadde dei fem barn, Signy, f. 1920, Knut, f. 1921, Johannes, f. 1924 og Malvin, f. 1926. I tillegg hadde dei ein gut som drukna berre tre år gammal. Jonas tok med seg familien sin, pluss ei ku, og flytta til Espevær. Høy til kua kjøpte dei på Holme hos Peder Kristensen Holme.




*M/K "Urholm" frå Stamneshella på slipp hos Kvernernes i 1958. Her hadde ein mykje arbeid med skroget. Kutteren hadde hørt heime på Moster og forliste like etter. Foto Knut Kvernernes*




*Eit av dei største fartøya som var oppe på slipp hos Kvernernes var "Janholm" frå Espevær i 1963. Foto frå Knut Kvernernes*



*Knut Kvernernes*



*Johannes Kvernernes*



Baadeholmen med sluppen og verkstaden til Kvernnes nede til høgre. Omrent midt på biletet ligg smia til Sørensen med huset hans like bak (det lave kvite huset). Båten på sluppen er "Axel" frå Jørpeland". To gonger var den på sluppen hos Kvernnes for å få ny motor. Biletet er frå midten av 1960-taler. Foto frå Kåre Mæhle

Jonas bygde snikkarverkstad og støypte kai på Ådnøy. Før krigen hadde Jonas drive som båtbyggjar i søre Kvernneset. Der bygde han om lag 300 robåtar, små motorbåtar og gavlabåtar. I Espevær tok sønene del i arbeidet. Jonas døydde i 1963. Før Jonas døydde, hadde sønene Knut og Johannes drive verkstaden i ein del år.

Tidleg på 1940-talet var sluppen igjen i därleg forfatning. Eit år under krigen fekk dei i oppdrag å slippa ein lekter som havnevesenet brukte til å laga molo på Geitung. Under arbeidet med dette spora slippvogna av og lekteren vart ståande fast frå tidleg på nyåret til rundt St. Hans før dei fekk han av. Noko måtte no gjera med sluppen, og i 1945 vart den gamle banen fjerna. Igjen var det meinings å skifta ut trebjelkane i slippbanen med nye. Tømmer var kjøpt inn og skulle skjerast hos Ottesen i Sagvåg. Men Toralf Eiken rådde sterkt ifrå at dei heldt fram med å bruka tre i slippbanen. "Det vil vera rote igjen om ti år", hevda han. Rådet hans var å leggja

ned støypt bane, slik dei hadde gjort på Haugesund Slipp. Jonas Kvernnes høyrd på rådet frå Toralf Eiken, og tømmeret som eigentleg skulle brukast vart selt. Men dette var like etter krigen, så sement var ikkje å oppdriva. Først i 1947 vart baneelementa støypte hos Røthing & Co i Haugesund og frakta til Espevær med "Bas" (ex "Jondal"). Kvart element vog 3 tonn, men "Bas", som var utstyrt med Lindanvinsj, greidde å heisa elementa på plass. Til dykkerhjelp hadde dei folk frå Håkonshella ved Bergen. Kvernnes måtte låna 20.000 kroner under denne vøla av sluppen. Relativt store båtar, opp mot 100 fot, kunne no takast opp, t.d. "Skotningen", "Gøyna" og "Janholm". Ein av dei gamle bjelkane frå "Kong Sverre" ligg framleis på ein murkant ved sluppen. Materialet i bjelken er pitchpine frå USA.

Etter som sluppen ikkje hadde stor krane, kunne utskifting av masta på ein båt vera eit problem. Dette ordna dei ved å dra båten ut til det store bratte berget like sørvest av sluppen. Her hadde dei eit



Verkstaden til Sørensen i 1949. Kutteren "Geir" ligg ved kaia.

Foto fra Rolf Nesse

system av taljer oppe i berget, og ved hjelp av desse fekk dei tatt ned den gamle masta og heist opp og montert ei ny.

I 1965 vart slippen igjen fornya. Ny slippvogn vart då tatt i bruk.

Då Kvernenes-familien kjøpte slippen, vart ein gammal Gideon-motor frå Molde brukt til driftsmotor for slippen. I seinare tid har vinsjen vore driven av ein stor elektromotor.

I 1942 vart det montert ein 18 HK Deutz diesel inne i verkstaden. Denne hadde dei fått frå eit lager i Oslo.

Om lag eitt år etter at Jonas hadde overtatt slippen skjedde det ei stygg ulykke der. Under slipping av "Gå På I" hekta kleda til Malvin, den 15 år gamle sonen til Jonas, seg fast i drivverket til slippen. Han vart dregen rundt fleire gonger før dei fekk stoppa maskineriet. Malvin vart hardt skada, men var i live. I all hast sette dei ut igjen "Gå På I" for å frakta han til sjukehuset i Haugesund. Der vart han operert, men døydde ei stund etter. Knut Kvernenes var med båten til Haugesund og var i ettertid sterkt prega av hendinga.

På slutten av 1930-talet og utover 1940-talet vart det laga nokre små båtmotorar i Espvær. Desse var bygde etter same prinsipp som Wichmann-motoren. Støypegods til blokkene vart kjøpt i Rubbestadneset, men maskineringa og resten av monteringa vart utført i Espvær. I alt vart det bygt rundt 5 motorar

med ei trekkraft på mellom 2 og 6 HK. Anders Kvernenes laga ein motor medan han var i Espvær. Denne brukte han i motorbåten "Emden" på 25 - 26 fot. Båten gjekk svært seint med denne motoren. "Se hvor den spenner...", var Sørensen sin knappe og treffande kommentar ein dag han betrakta Anders ute i båten.

Odd Størkson laga ein motor medan han var i lære hos Anders Kvernenes. Denne sette han i ein båt som han fekk hos onkelen sin, Størk Størksen. Då han flytta til

Rubbestadneset, gav han båten tilbake til Størk. Etter ei tid kjøpte Størk ny båt som Jonas hadde laga. Han flytta motoren som Odd hadde laga over i den nye båten. Seinare selde Størk båten til Tønnes Tønnesen og Leif Knutsen. Medan han var i deira eige fraus motoren sund, og ny motor vart montert av Knut Kvernenes. Etter ei tid selde Knut den gamle motoren til Johannes Ulversøy som skrap. I førstninga henta Ulversøy skrap med ei lita skoyte og seinare med fraktefartøyet "Birkebeineren".

Også Håkon Størkson laga ein motor i Espvær, før han fekk arbeid på Wichmann og flytta til Mækjebakken. Dei andre motorane vart alle selde, ein vart sold til Haugesund.

I tillegg til slipping og reperasjonar av skrog, vart det bygd om fleire fartøy hos Kvernenes. To av dei som det var mykje arbeid på var "Sjødraat" og "Emmy". "Sjødrott" var frå Vedavågen og vart bygd om frå engelek trålar til kombinert fiske- og fraktefartøy i 1947 - 48. Nytt styrehus, dekk, galgedekk vart laga og montert av Kvernenes, medan naboen Sørensen laga keising (sjå Leidarsteidn 2007 for fleire detaljar). I 1956 vart ein liknande jobb utført på "Emmy" av Skudenes. Denne vart bygd om frå tysk trålar til eit moderne fraktefartøy. Også på den vart det laga nytt styrehus, galgedekk og annan utrustning hos Kvernenes. Keising og lukekarm vart laga av Johs Mæhle Mek. Verksted.

Elles vart det montert mange nye og brukte motorar hos Kvernenes. Dette helt dei på med heilt opp



Knut Kvernenes 20.06.2002 inne på verkstaden i Espenvær.

Foto K.B.Sønstabø

på 1980-talet. Dei gamle motorane vart tekne ut og enten selde for vidare montering på andre fartøy eller kvitta som skrap. ”Sønnøy”, båten til Odd Sønstabø i Espenvær, fekk heile 3 motorar monterte hos Kvernenes. Av anna utstyr var det pumper, vinsjar og seinare også trålevinsjar som vart monterte. I tillegg kom montering av styremaskinar og nye ror.

Då kondemneringa starta tidleg på 1960-talet, vart etter kvart dei aller fleste utrangerte Espenvær-fartøy rigga ned hos Kvernenes og gjort klar til tauing og senking ved Skarholmen. Fleire 10 talls fartøy vart rigga ned og søkte. Også fartøy frå andre stader enn Søre Bømlo og Espenvær fekk denne skjebnen. Mellom anna vart ”Solei” frå Fjell nedrigga og senka tidleg på 1970-talet. Odd Sønstabø hadde kjøpt motoren i denne båten, og etter at den var tatt ut, vart båten senka ved Skarholmen. Kondemnering og senking av fartøy fortsette til heilt utpå 1980-talet. Nybygg og ombygging av eksisterande styrehus var det også mange av hos Kvernenes. Det første var

til ”Sigbjørn” av Mosterhamn i 1946. To av dei nye styrehusa som vart bygde og monterte på 1960-talet var til ”Auto” av Espenvær i 1960 og ”Eidesnes” av Langevåg i 1964.

På slutten av 1950-talet kjøpte Knut og Johannes ein tomt like ved slippen og bygde hus der saman.

Johannes var ugift og døydde i 1995.

Knut var gift med Helena Mandelid frå Voss, f. 1926. Dei har barna Kjellaug, f. 1967, Marianne, f. 1968 og Terje, f. 1970. Knut dreiv slippen fram til rundt 1999. Den siste tida budde han i ein trygdebustad på Langevåg, Bømlo. Han døydde i 2013. I dag er det ikkje drift på slippen på Ådnøy.

### Sørensen Mekaniske Verksted / Johs Mæhle Mek. Verksted

Som tidlegare nemnt, bestemte Julius Sørensen seg for å starta for seg sjølv då Garvik, og dermed slippen, gjekk konkurs. Ein kan lura på kvifor Sørensen ikkje kjøpte slippen, etter som han no låg ute på ”billegsal”. Det blir sagt at kona, Kristine, sette seg sterkt imot dette. Tidene var svært usikre, og ei storsatsing ville ho ikkje gå med på. I staden leigde han eit lite sjøhus av Berner Garvik på austsida av Baadeholmen. Han innreidde ei smie der og sette opp ein firtakts Aktiv oppfyringsmotor, som med eit sinnrikt system av reimar dreiv smia, smergelskiva og ein boremaskin. Denne vart starta opp om morgonen og slått av når arbeidsdagen var slutt i 5-tida om ettermiddagen. Den første tida vart esa halden liv i ved hjelp av ein stor belg som vart driven manuelt.

Sørensen var ein dyktig smed. Han laga alle typar beslag som bønder og fiskarar hadde behov for. Kanskje er han mest kjend for dei mange vinsjane han laga til fiskebåtar. Desse bråka mykje, og på folkemunne gjekk dei ofte under namnet ”steinknusarar”. Han laga også bomløftarar som vart monterte ved masta på ein båt. Lastebommen kunne då løftast opp og ned, og det vart lettare å nå alle delar av rommet ved lasting og lossing. Tannhjulspumper, regulatorar og hurtigfyrarar vart det også laga mange av i førstninga.

Ofte kom bønder frå Bømlo til Sørensen med kjerrehjul dei hadde laga. Desse ville dei ha jernband rundt. På den tida fanst det ikkje sveiseapparat, så

skøyten i bandet måtte smia saman. Heile bandet vart varma opp slik at det utvida seg, før det med stor presisjon vart tredd nedover vognhjulet og krympa på plass. Dette var ein vanskeleg operasjon, men for den erfarte smeden var dette å rekna som rein rutine.

Eit anna arbeid Sørensen tok på seg var å retta opp bøyde harpuner for Jacobsen-rederiet frå Auklandshamn. Kvart år når kvalfangstsesongen var over hadde dei mange skada harpuner som trøng reparasjon. Dette ønskete dei at Sørensen tok seg av. I tillegg til betaling for arbeidet vanka det førsteklasses kvalkjøtt til smeden og familien hans. Arbeidet med harpunane var noko han utførte i ledige stunder. Det var trass alt god tid til neste sesong.

Då gitteret i humraparken vart fornya, var det Sørensen som laga dette. Festeanordningar vart laga til ved humraparken, og mål vart tekne. Gitteret vart så laga i smia. Ved montering stemte alle mål på millimeteren. I periodar kunne det vera lite arbeid. Då laga Sørensen dreggar av ymse storleikar.

Sørensen hadde alltid læregutar. Smia var ein fin stad å ta til for dei som ville bli mekanikarar, maskinistar etc. Håkon Størkson, som hadde plass hos Anders Kvernenes ein periode, fekk no læreplass hos Sørensen. Her vart han verande i tre veker før han måtte i det militære. I desse tre vekene hos Sørensen fekk Håkon ei arbeidsoppgåve han hugsar godt. Hallvard Geitung kom med ein motor som trøng overhaling, og Håkon vart sett på jobben. M.a. skulle motoren ha nytt stempel. Trass i därlege måleinstrument greidde han å dreia stempelet i rett størrelse på første forsøket. Då han var ferdig med dreiling og pussing, sette han stempelet på plass i sylinderen, og det passa heilt perfekt. Sørensen gav uttrykk for at han var svært imponert over arbeidet til Håkon, og han kommenterte denne episoden til kona, Olaug, mange år seinare.

Ein av læregutane som kom til Espevær skulle få større betydning for øysamfunnet enn dei andre.



*Julius Sørensen og Kristine Hovland lot seg fotografera i anledning forlovelsen i Stavanger. Dei var då rundt 28 år gamle. Foto frå Kåre Mæhle*


Namnet hans var Johannes Mæhle. Johannes vart fødd på Vandaskog i Sveio i 1920. Faren hadde ei lita jord og var samstundes lærar på barneskulen i bygda. I ungdomsåra gjekk Johannes på middelskule i Nordfjordeid, og det låg i korta at han skulle gå vidare på gymnaset. Men tidene var vanskelege, og faren hadde ikkje råd til å ha Johannes på skule lenger. Ein onkel såg at Johannes var flink med nevane i alt han gjorde på garden og anbefalte at han gjekk i mekanikarlære i staden for på gymnas. Han gjorde fleire forsøk på å finna ein læreplass i distriktet, men lukkast ikkje. Bestemor til Johannes hadde eit søskenbarn i Espevær, jordmora Inga Størksen, og bestemora tok kontakt med Inga. Det ordna seg slik at Johannes fekk læreplass på slippen hos Anders Kvernenes og budde hos Inga. Dette var hausten 1938. Ein annan læregut, Johan Knutsen, var også på slippen på den tida. Vilkåra Johannes fekk var 5 kr veka og då måtte han halda kosten sjølv.

Då Johannes kom til Espevær, hadde han sykkel med seg. Folk lurte litt på kva han skulle med sykkel på Espevær. Her var det meir naturleg å bruka båt. Og båt fekk han til disposisjon. Han rodde frå Heljesvika og over til Holmen kvar dag og var også heime hos Inga og åt middag i pausen midt på dagen.

Det fanst ein del utstyr på slippen på den tida, men slitedeler vart skjeldan supplerte. Mellom anna hadde dei sag, men mangla ofte sagblad. I tillegg skorta det til tider på solarolje til å驱va utstyret.



Johannes og Kåre Mæhle rundt 1950.  
Foto frå Kåre Mæhle.



Slike bomloft laga Mæhle mange av.  
Foto frå Johann Vannes

Johannes vart verande på slippen til rundt påske 1939. Då rauk han uklar med Anders både om arbeidsoppgåvene han fekk og utbetaling av lønn. Ein gong fekk han ei eske tobakk, verdt 80 øre, som skulle vera lønn for den siste veka. Han fortalte til Inga Størksen korleis stoda var, og at han no hadde tenkt å reisa heim. Men Inga visste råd. Ho sende han til Lars Eiken for å be om pengar. Ho kjende nemleg til at nett då skulda han Anders litt for ein jobb han hadde fått utført på båten "Kvikk". Eiken gav Johannes 5 kr som altså Anders eigentleg skulle hatt. Oppgjeret for veka var då i orden for begge parter.

Inga gav Johannes endå eit råd. Ho tilrådde han å gå til Julius Sørensen og be om plass der i staden for å dra heim. Det gjorde han, og avtale om læreplass vart inngått. Han kunne ta til med det same.

I tida hos Sørensen laga Johannes Mæhle ein motor som han brukte i ein båt han hadde skaffa seg. Støypegodset til blokka kom frå Rubbestadneset, og godset til veivakslingen kom frå Sandnes Jernstøperi. Stempel, topp og kule dreidde han sjølv. Motoren var berre på 2 HK, så det var ikkje mykje trekkraft i han. Difor vart motoren bytta ut etter berre eit års tid. Arbeidet med motoren vart gjort på kveldstid, etter at oppfyringsmotoren i verkstaden var stoppa. Då var det for Johannes å dra i reimane for å få smergelksive og bor til å gå. Sørensen var streng på dette, motoren skulle stoppast ved arbeidsdagens slutt, for solaren var dyr også på den tida.

Etter kvart kom Johannes saman med Gerd, den yngste av døttrene til Sørensen. I førstninga mislikte Sørensen dette, men forholdet vart meir og meir akseptert etter kvart. Johannes og Gerd gifta seg i 1943. På den tida budde Johannes i Steinkopfhuset, men etter giftemålet flytta ekteparet inn ovanpå i huset til Sørensen. Johannes og Gerd fekk fire barn, Kåre, f. 1946, Ingebjørg Kristin, f. 1951, Johanne, f. 1954 og Grete, f. 1960. Johanne døydde berre om lag tre månader gammal.

Johannes heldt fram med å arbeida på verkstaden til svigerfaren etter lærertida, og i 1954 kjøpte han heile verkstaden og dreiv denne i mange år. Då Johannes overtok verkstaden kalla han den "Johs Mæhle Mek. Verksted". Han hadde alltid læregutar med seg, m.a. sonen Kåre. Til tider kunne han ha tre læregutar samtidig. Kåre gjekk i lære hos faren i fire år.

Deretter reiste han til sjøs og segla i nokre år som maskinist. I 1972 gjekk han i land og kom med som medeigar i verkstaden. Johannes og Kåre åtte halvparten kvar. Kåre har etter den tid hatt verkstaden som leveveg. Begge har bygt hus på Baadeholmen, Johannes i 1964 og Kåre i 1972. Kåre er gift med Oddbjørg Sørenes, f. 1948 frå Holme. Det var Oddbjørg som tok ut tomten til det nye huset som ho og Kåre bygde. Dei har barna Jorunn, f. 1976 og Odd Kåre, f. 1978.

I løpet av 1950-åra vart verkstaden modernisert ein del. Elektrisk straum var no tilgjengeleg, og elektriske handverktøy kunne no takast i bruk, t.d. elektriske boremaskinar, vinkelcliparar etc. Ei stund allereie hadde dei hatt elektrisk sveiseapparat, men straumen til dette kom frå eit aggregat som vart drive av driftsmotoren.

På 1960-talet, då det vart slutt på silda, vart mange båtar bygde om til trålarar. Fast kunde var Eidesvik som var hos Mæhle og fekk utført reparasjonar på mellom anna ”Simla” og ”Eidesvåg”. ”Eidesvåg” vart brukt til hå-fiske, og ammoniakken i fisken tærte på røyrane slik at desse måtte skiftast ofte.

Ein annan fast kunde var Sønnodd-rederiet i Espevær. Ein av Sønnodd-båtane, tidlegare ”Lotus”, fekk m.a. montert styrehus som vart flytta frå ein annan båt. Dette skjedde rundt 1970. Elles hadde dei faste kundar langs kysten frå Solund i nord til Sirevåg i sør. I ein periode kom mange for å få montert lyddemparar på eksosen.




*Johann Vannes i smia. Han smir deler til kasteblokkhusa.*

*Foto frå Johann Vannes*



*Her er Johannes i arbeid i sveiserommet. Biletet er tatt 27. jan. 1961.*

*Foto frå Johann Vannes*



Johann Vannes arbeider med boremaskinen. På boremaskinen ser du ein del av reimsystemet som dreiv verkstaden. Foto frå Johann Vannes



Kasteblokkene klargjort for sending.  
Det er ei ung utgave av Kåre Mæhle, nok før han var formelt byrja som lærling.  
Foto frå Johann Vannes

Etter kvart vart fleire fartøy utrusta med nye styrehus av aluminium som vart laga hos Mæhle. "Sira" frå Holme fekk nytt styrehus i 1976. Dette vart sett over på "Nestun" i 1986. "Nybør" frå Rolfsnes på Bremnes fekk nytt stort styrehus i 1987, og "Toya jr." frå Karmøy fekk styrehus og vart utrusta som nybygg i 1992. Arbeidet med "Toya jr." var det siste store utrustningsarbeidet Kåre utførte på ein båt. Båten kom til verkstaden som ein open trebåt og vart levert som komplett utstyrt reketrålar.

Også anna større monteringsarbeid vart utført på båtar. M.a. fekk "Juna" frå Langevåg påmontert trålarbakke i 1980.

Då oppdrettsanlegg vart etablerte ved Espesvær, fekk Johs Mæhle Mek Verksted også mange oppdrag for denne næringa.

Dei som fekk utført arbeid hos Mæhle gav alle uttrykk for at dei var svært nögde med arbeidet.

Ein av Johannes Mæhle sine spesialitetar var å laga blokker i forskjellige storleikar og til forskjellige formål. Stålet i skivene vart herda slik at dei tålte wire. Blokker som dette vart også selde til utlandet. Dei vart mykje brukte på båtar til trål og snurpenot.

Av og til koordinerte dei to verkstadane arbeidet med båtar. Kvernenes tok seg av det som hadde med trearbeit å gjera, medan Mæhle utførte det som skulle gjerast av mekanisk arbeid. "Sjødrott", "Emmy", "Bellatrix", "Bjørkevær" og den første "John Erik" er eksempel på dette. Ved slike samarbeidsprosjekt foregjekk slippinga hos Kvernenes.

Nye oppfinningar førte til nye behov på båtane. Kåre Mæhle spesialiserte seg på høgtrykkshydraulikk og laga forskjellige innretningar, hydrauliske vinsjar m.a., der denne teknikken vart tatt i bruk. Kåre hadde godt ord på seg for å vera svært dyktig på dette området.

Då Johannes Mæhle overtok verkstaden etter Sørensen, fekk han vidareført ordninga med læregutar. Verkstaden var godkjend for tre års verkstadtid til maskinistutdanning. Slik var det heilt til Reform 94 vart sett i verk. Her er namn på læregutar som fekk læretid hos Sørensen og Mæhle:

Olav Kristiansen  
Helmer Eidesvik  
Anders Størksen  
Reidar Nilssen  
Arnulf Bie  
Nils Øritsland  
Johannes Størksen  
Lars Brekke jr.  
Eilert Amundsen  
Trygve Våga  
Odd Garvik  
Arvid Wathne  
Frank Larsen  
Kristian Hestenes  
Jakop Vatland  
Ivan Salamonsen  
Arve Barane  
Birger Møgster  
Johann Vannes  
Bjarne Tønnesen  
Tor Knutsen  
Kåre Mæhle  
Ernst Ragnar Amundsen  
Harald Møgster  
Bjarne Hestenes

Ein av læregutane som var lenge på Espevær var Johann Vannes. Frå han har redaksjonen i Leidarsteidn fått dette hyggelege brevet:



På 1960-talet var Baadeusset i därleg forfatning. Johann Vannes budde i den nordre delen av huset medan han var i Espesvær.

Foto frå Kåre Mæhle



Dette er ein leveranse til as Protan i Drammen. Det er utstyr til taremottak, master, bommar og vektkassar. Biletet gir også fin oversikt over området. Vi ser både sveiserommet og stållagert til Johs. Mæhle og verkstadbygget til "Slippen".

Foto frå Johann Vannes

## Mi tid på Espevær og arven derifrå.

I mars 1958 sokte Johs. Mæhle mek. Verksted etter læregut og eg fekk stillingen. Då var eg 16 år. Eg hadde bestemt meg for å bli sjømann og seile som maskinist i utenrikssfart. Skulle eg få maskinistsertifikat trong eg verkstedtid. Eg hadde alt eitt år verkstadtid frå Leirvik Sveis, men eg måtte ha totalt 36 mndr for å få sertifikata. Ikkje alle verkstadar var godkjende for 36 mndr, men det var Johs. Mæhle mek. Verksted. Verkstaden var liten, men hadde dei fleste vanlege verktøymaskinane. Der var to dreiebenker, ein høvel(shaping), ein boremaskin, smie og sveisestyr, samt handverktøy av ymse slag. Det einaste som mangla var ein fresemaskin.

Elektrisk kraftforsyninga til Espevær var såpass svak at begge verkstadane hadde sine eigne driftsmotorar. Jobs. Mæhle hadde ein firtakts glødekulemotor frå 1909 av typen Aktiv. Denne motoren var det mi oppgåve å starta kvar morgon. Motoren gjekk heile dagen, og ved hjelp av akslinger og reimsystem dreiv han alle verktøymaskinane. Sveisedynamoen vart driven av ein firtakts "Hein" frå 1910.

Då Johannes skulle skyte ut husgrunnen sin, bygde han om ein gamal motor til kompressor, som skulle levere luft til boremaskinen. Denne vart driven av ein to sylinder Ruston dieselmotor som også vart reparert på verkstaden.

Planen då eg kom til Espevær var å ta dei to åra på verkstaden som eg trong for å ha nok praksis for å løysa maskinistsertifikat. Men, sjølv om eg alt i barneskulen hadde bestemt meg for dette yrket, så forandra eg planane undervegs. Først bestemte eg meg for å gå fire år i lære og ta fagbrev. Johannes såg litt betenkta ut då eg la fram planane mine på den måten. Men vi hadde ikkje noko tidsavgrensa avtale, så eg kunne jo halda fram til han sa meg opp. Men eg fekk inga oppseiling, så eg var mine fire år på Espevær. Eg hadde ikkje formell skriftleg lærekontrakt, så eg gjekk opp til fagprøve som privatist. Då må ein ha 25% lengre læretid, men eg hadde som nevnt eitt år på Leirvik Sveis, så det hadde inga praktisk betydning. Fagprøven avla eg på Hangesund yrkesskole, og arbeidet var hovedsakleg ei freseoppgåve! Arbeid eg ikkje hadde vore borti i det heile tatt. Men eg må ha fått ei god opplæring, for eg fekk fagbrevet mitt. Det heng framleis i glas og ramme på heimekontoret mitt.

Tida på Espevær ser eg tilbake på med glede. Det var eit samfunn eg trivdest i. Eg budde på hybel i Baadehuset, i nordre enden. Med elektrisk ledning frå verkstaden til ei lyspære i taket Matskap laga eg meg av appelsinkassar eg fekk på butikken på kaien eller hos "Bien". Etter dagens standard heller primitivt, men eg hadde det heilt flott. Middag fekk eg hos Gerd, så i tida på Espevær vaks eg til ein stor og sterk kar.

Sørensen arbeidde nokre timer dagleg på verkstaden, sjølv om han hadde gitt verkstaden frå seg. Han var ein dyktig mekanikar. Særleg var eg imponert over augemalet hans. Eg hugsar ein gong eg arbeidde med ein stabel plater som skulle brukast i produksjonen av kasteblokker. Sørensen gjekk forbi, kasta eit blikk på arbeidet mitt, og seier: "Hva, bruger du tykkere plader denne gang?" Og det måtte eg innromma, denne gongen brukte vi 5mm plater, medan vi tidlegare hadde brukt 3/16" plater. Og, til dei som ikkje heilt ser forskjellen: 3/16 tomme er 4,76mm.

På verkstaden hadde vi mange forskjellige oppgaver, så eg fekk ei allsidig opplæring. Men det meste var knytta til fiskebåtar og motorar, og arbeidsoppgåvene var mest reparasjonar og vedlikehald. Men vi laga også nye produkt. Bomloftstarane produserte vi nokre av, men dei var på veg ut på den tida eg var på verkstaden. Kasteblokkene derimot gjekk det jamt og trutt av. Vi laga også linbåt-daritar til eit par skip som vart bygde på Flytedokken i Hangesund. Vi hadde også ein stor ordre med mast, bommar, grabbar og vektkassar for AS Protan i Drammen.

Johannes heldt på helgedagsfreden, så det var ikkje snakk om søndagsarbeid, sjølv om det dukka opp folk med hastverk. Eg hugsar særleg ein gong: M/S "Lyngor" kom inn til Espevær tidleg ein sundagsmorgen med defekt Lidan-vinsj. Det var ikkje på tale å starta arbeidet den dagen, men vi læregutane, - Bjarne Tønnesen og eg -, fekk beskjed om å stille på arbeid kl fem over tolv natt til mandag. Og då arbeidde vi til vinsjen var ferdig reparert og klar til bruk.

Eg har ikkje arbeidd som mekanikar etter at eg sluttta på Espevær. Men ikkje dermed sagt at eg ikkje har hatt både glede og nytte av utdanninga mi frå Espevær. Ved å avlegge fagprøve hadde eg formell dokumentasjon på kompetansen min. Her må eg vel skyte inn at maskinistutdanninga vart skifta ut med ingeniorutdanning, og kombinasjonen ingenior og fagarbeidar har gitt hyggelege påslag på løna, både då eg starta som nyutdanna ingenior, og då eg gjekk over til å undervise i vidaregåande skule. Fagbrevet er også ein formell del av "pakken" som gir meg lektorkompetanse.

Men når eg nå er pensjonist, kan eg vel sei at alt eg lærde i fire viktige ungdomsår på Espevær, både fagleg og mellommenneskeleg, har eg hatt nytte av i kvarldagen på ein eller annan måte, både i jobbsamanheng og elles.

Johann Vannes

Den siste læreguten ved Johs. Mæhle Mek. Verksted var Bjarne Hestenes. Etter endt lærerid, tok han maskinistutdanning og har segla som maskinsjef i ein del år. I dag er han lærar på Karmsund videregående skole.

Kristine Sørensen døydde i 1962 og Julius Sørensen i 1967. Julius Sørensen var dansk statsborgar heile livet.

I 1970 bygde Johannes og Kåre nytt verkstadhus like nordom den gamle verkstaden. Her har dei alt det dei treng av utstyr for å driva mekanisk verkstad på deira storleik.

Å bu på ein liten holme slik Johannes og Kåre Mæhle har gjort, kan til tider vera problematisk, spesielt når det gjeld kommunikasjon. I 1978 fann dei difor på at dei skulle laga ei lita kabelferje mellom Baadeholmen og hovudøya i Espevær. Det var Kåre som tenkte ut konstruksjonen og laga til det meste av det som skulle til. Sjølve ferja vart sveist saman på slippen av Knut Kvernenes. Rampar vart monterte på kvar side av sundet slik at det skulle vera lett å stiga om bord. Eit system av hjul, kjetting og ein elektromotor dreg ferja over. Ferja er sjølvbetjent og startar ved myntinnkast. I dag er ferja ein av dei store turistattraksjonane i Espevær, sjølv om dette i utgangspunktet ikkje var intensjonen.

Kåre har laga fleire kaiar på Baadeholmen. Den siste han laga ligg framfor huset til foreldra og er ein solid kai i betong.

Johannes Mæhle pensionerte seg i 1987. Han selde då sin halvdel av verkstaden til sonen Kåre, men deltok i arbeidet på verkstaden



*Julius og Kristine Sørensen. Foto fra Kåre Mæhle*



*Johannes og Gerd Mæhle. Foto fra Kåre Mæhle*

lengre etter det. For arbeidet sitt med Espevær søndagsskule og Espevær bedehus er Johannes tildelt Kongens Fortenestemedalje i sølv. I dag (2013) bur Johannes på Bømlo Sjukeheim på Bremnes.


Formelt sett er Kåre også pensjonist no, men seier at han har kjeledressen på seg kvar dag og gjer forefallande arbeid på verkstaden.

Ein god støttespelar i drifta av verkstaden var Gerd, kona til Johannes Mæhle. Seks dagar i veka frå 1954, då Johannes kjøpte verkstaden, laga ho middag til dei som arbeidde der. I tillegg tok ho sin tørn med å ro barna over sundet for å gå på skulen. Mødrene på Holmen hadde ansvaret for dette éi veke kvar. Fram til den nye skulen var ferdig, var det også vanleg at elevane drog heim for å eta middag midt på dagen. Om vintrane hende det ofte at ein både måtte hakka is og måka snø i robåten før ein kunne ta til å ro. Gerd hadde gått på husmorskulen på Fitjar og var flink med handarbeid. Ein av spesialitetane hennar var å strikka klede til både store og små. Ho hadde stor arbeidskapasitet og var ein svært omsorgsfull person for alle i familien. Gerd døydde i 2011.

Ein annan god støttespelar har vore Oddbjørg, kona til Kåre Mæhle. Meir enn éin gong har ho tålmodig venta på at Kåre skulle koma heim og eta middag. Ofte var det slik at han ikkje kunne gå frå verkstaden midt i ein arbeidsprosess, og dermed vart det ekstra arbeid med å halda maten varm. Men ho var alltid like blid, og klaga aldri. Etter at Johannes trekte seg ut og vart pensjonist, var det Oddbjørg som hadde ansvar for rekneskapen for verkstaden. Dette arbeidet utførte ho alltid på ein svært nøyaktig og korrekt måte.



*Oddbjørg og Kåre Mæhle. Foto fra Kåre Mæhle*



*Far og son. Johannes og Kåre Mæhle i 2013. Foto: B.E. Vika*

Både Johannes og Kåre fortel at dei alltid har hatt nok å gjera og at dei har likt arbeidsplassen sin. Dei understrekar også det gode forholdet dei har hatt seg innbyrdes og det gode miljøet på Holmen.

#### Kjelder:

Johannes Mæhle, Kåre Mæhle, Håkon Størkson, Rolf Nesse, Kjell Birger Sønstabø, Johann Vannes Modgunn Ihle, Trygve Totland

Kari Shetelig Hovland: Bømlo Bygdebok, band III

Kari Shetelig Hovland: Berner Gabrielsen Garvik.

Espeværingen som dreiv selfangst. Sunnhordland Årbok 1996.

# Hillestveit skule - 50 år

Den delen av Hillestveit skule som småtrinnet og mellomtrinnet brukar no er 50 år gammal i år. I samband med dette jubileet har redaksjonen i Leidarsteidn bedt Bernhart Selle skriva ein artikkel om skulestell generelt og om Hillestveit skule spesielt. Vi vil retta ei stor takk til Selle for det flotte bidraget hans.

## Noko om skulestellet i Bømlo kyrkjesokn tidlegare

Av Bernhard Selle

I 1739 fekk vi i Noreg den første skulelova. Det skulle haldast skule for barn i alderen 7- 12 år. Då hadde dei fleste lært å lesa. Bakgrunnen for skulelova var innføringa av konfirmasjonen i 1736. Ein kunne ikkje forlanga kunnskap i kristendommen utan skule. Lova let seg ikkje gjennomföra i praksis. Ein vanta lærarar og midlar til å driva skule. Ikkje alle embetsmennene ville ha så mykje opplæring av allmugen, det kunne truga deira makt over folket. Resultatet vart at kvart prestegjeld skulle

ordna skulen på sin måte. Det vart difor laga ein ”Skolefundafz” i 1743 korleis skulen skulle vera. Soknepresten fekk ansvaret for gjennomföring av skulen. Det er ikkje så mykje ein i dag veit korleis det var med skulen frå 1739 til 1816. Ein har spreidde opplysningar om ”Skoleholdere”, men kor dei var ”skoleholdere”, eller kor lenge dei var det, veit ein ikkje. Det finst i Finnås prestegjeld to tilsetjingar av ”Skoleholdere” på 1700 talet.

*En Skoleholderbeskikkelse.*

*”Peder Harboe Hertzberg Prorst over Sunnhordlens Provstie og Sognepræst for Findaas  
Præstegjeld intallerer herved og besikker Ungkarl Anders Johannesen Aasbue til at være  
ambulerende Skoleholder udi Findaas Præstegjeld i den østlige og sydlige Deel av Bremsæs annex  
Sogn, efter aarlig indeelende Districter til Almuuen, Beqvemlig for Deres Børn og disses Antal  
bliver ham anviste at holde Skole udi ; thi skal indbemeldte Anders Johannesen Aasbue dette ham  
betroede Skoleholderembede med Flid og Troeskab forstaae og holde skole aarlig fra Mikalsdag  
indtil det almindelig Vaarfiskerie begynder og siden fra 14. Mai indtil midt i Julii, naar Hœ-  
Sletten begynder og derfor nyde av Skole-Kasse aarlig Løn 6 rdr. Foruden fornødne Kost og  
Underholdning hos hver Bonde i Districtet, hvor han holder Skole; saa skal han derfor nyde de  
fribeder, som høikongrlige Forordninger allernaadigst forunder. Jeg anbefalerheros mer--- benævnte  
Anders Johannesen Aasbue mine kiære Tilhørere, at de ham kiærligen annamme rog vervilligen  
begegner som Skoleholder av Deres Børn i avisende Districter paa det at alt maa skee til Guds  
Ære og fælles Gavn og opbyggelsepaa alle Siider, hvortil jeg ønsker Naade og Velsignelse av Gud  
Vor Fader ved vor Herre Jesum Christum formedelst den Hellige Aand. Amen.*

*Findaas Pr.g.d. 29de September 1793.  
P.H. Hertzberg*

*Foreviist ved Sessionen paa Leervigen d. Martie 1794.*

*Meyer. Koren  
In fidem (stadfesta eller vitna) Niels Hertsberg*

Tilsetjingsbrevet vart opplese på kyrkjebakken. Det seier mine kiære Tilhørere at de må ta godt imot læraren. Det kan tyda på at det ikkje alltid vart gjort. Skulelova frå 1739 var ikkje aktuell etter 1814. Det kom eit utkast til ny lov. Lovframlegget var ikkje særleg bra og det vart stoppa. I 1816 kom det eit tillegg til eksisterande lov på tre paragrafar. Det skulle haldast årlege møte i skulekommisjonen. Det skulle førast protokoll frå møta. Om skulen i byane.

Skulen vart no drøfta årleg og revidert etter som åra gjekk. Vi får vita at det i Finnås prestegjeld var det 7 skulehaldarar (av desse var 2 i Sveio sokn). I Bømlo kyrkjesokn var det ein skulehaldar. Tilhøva i Bømlo kyrkjesokn skiller seg ikkje meir ut enn dei to andre kyrkjesoknene i Finnås.

I 1819- 20 var Gudmund Ingebrigtsen Hovde lærar (skulehaldar). Han døydde i 1823. Den neste læraren var Eivind Helgesen Vestvik 1822-. Skulefaga var å læra å lesa og så litt bibelhistorie. Begge lærarane var frå Sveio. Den siste kjøpte gard i Sveio. Kor lenge han var i Bømlo, veit vi ikkje sikkert. Lærarane skulle samla dei unge mellom 12 og 20 år til overhøyring i kyrkja dei sundagane det ikkje var preike. Desse samlinga vart det slutt på ved ny skulelov.

1827 fekk vi ei ny skulelov. Den slo fast: Etter kvart som dei gamle klokkarane gjekk av, skulle det skipast klokkarstilling ved kvar kyrkje, vedkommande skulle også vera lærar.

Det ein skulle lære var:

- ”a) Læsning, forent med Forstandsærvervelser,
- b) Religion og Bibelhistorie, efter anordnende Lærebøger,
- c) Sang efter Psalmebogen
- d) Skrivning og Regning”

Kyrkjesokna vart inndelt i roder i 1828

rode: Vika, Skipavik, Berge, Tjong, Hjartnes, Andal  
rode: Vorland, Hillestvedt, Eide, Espevær  
rode: Vespestad, Vold, Kalavåg, Vestvik  
rode: Hovland, Løning, Løningsneset, Luten, Bømmelhamn  
Husa og Holme var med i ei rode i Bremnes.

Ole Nilson Mæland var lærar frå 1829-1832. Han var fødd i 1807. Truleg har han vore lærar noko tidlegare. ”Han var ein særskilt gaverik mann” i følgje bygdeboka. Han bygsla ein gard i 1834 på Mæland.

Etter han kom Peder Nilsen Vorland 1837 - 1843. Det vart ei ny rodeinndeling i 1832.  
rode: Vika, Skipavik, Berge, Tjong, Hjartnes, Andal  
rode: Vorland, Hillestvedt, Eide, Espevær  
rode: Vespestad, Vold, Kalavåg, Vestvik  
rode: Hovland, Løning, Løningsneset, Bømlahamn  
Jon Birkeland som var klokkar i Finnås Prestegjeld gjekk av i 1840, mot at sonen Torstein vart klokkar i Moster. I følge skulelova skulle det no skipast klokkarstilling i Bømlo kyrkjesokn. Kristoffer Monsen Aadnanes hadde vore lærar i området frå 1843. Han skulle vera klokkar. Rodeinndelinga frå 1832 vart for stor post for han. Det vart difor ei ny rodeinndeling i 1845;  
rode: Andal, Vorland, Hillestvedt  
rode: Espevær, Vestvik, Kalavåg  
Eide, Vespestad, Vold, Hovland, Løning, Luten, Bømlahamn  
Resten av kyrkjesokna:  
rode: Husa, Holme  
rode: Vika, Skipavik, Berge, Tjong  
rode: Andal, Hjartnes

Ole Nøkling skal ha vore i det nordlege av Bømlo sokn og sørlege av Bremnes. Han døydde i 1844. Etter han kom Sjur Olsen Sortland 1846- 1848. Vi har no to lærarar samstundes i Bømlo sokn. Nordafjeldske, mykje skifting. I det Sørafjeldske kom Kristoffer Monsen Aadnanes og han var lærar til 1878.

I 1860 får vi ei ny skulelov.

Undervisninga i krinskulane skal vera

- ”a. Læsning
- b. Christendomskundskab
- c. Udvalgte Stykker af Læsebogen, fornemmlig saadanne. Der angaae Jordbeskrivelse, Naturkundskab og Historie
- d. Sang
- e. Skrivning
- f. Regning”

Skuleområdet fekk no namnet krins.

Skuletida skal vera 12 veker for året. Men der elevane er delte etter kunnskap, skal der vera 9 veker i kvar avdeling. Skuleplikta er for barna frå det fylte 8. år og til det vert utskrive av skulen ved konfirmasjonen.

Etter lova om formannskap, var det ikkje lenger presten som førte rekneskapan for skulen.

Rekneskapan vart ført i fattigdomsprotokollen.

Men presten var framleis den viktigaste mannen for skulen.

For søre delen av sokna skulle ein leiga "Opbyggelsehuset". Frå 1862 heldt skulen til der. Ei nemnd skulle sjå på krinsinndelinga. Første framlegg var Sønnafjelske fast skule. Nordafjelske omgangskule. Det vart ikkje godkjent av Prostiet og Stiftet.

Eit nytt framlegg kom samme år. Sokna vart delt i fire krinsar. Husa og Holme var ein krins. (Holme). Vika, Skipparvik, Berge, Andal og Hjartnes. (Vika). Espevær,  
Hillestvedt. Fastskule i oppbyggelsehuset.

#### Lærtartilsetjing.

Hillestvedt krins; Kristoffer Monsen Aadnanes. Holme, Vika og Espevær krinsar; Torstein Knudsen Alvsvåg.

Kyrkjesokna har no framleis to lærarar samstundes. I 1869 var det 121 elevar ved Hillestvedt skule, delt i 3 avdelingar. Krinsen vart no delt i tre. Hillestvedt, Løning og Andal.

Kristoffer Aadnanes gjekk av frå januar 1879. Same året vart Løning krins lagt ned for talet på skulepliktige var no samla med Hillesvedt og Løning var 69. Andal var eigen skulekrins med lærar saman med Hillestvedt. Hans Engelsen Holme vart den nye klokkaren i 1880.

Holme og Vika krinsar vart slegne saman i 1885 då det vart bygt skulehus på Tjong. Hans Engelsen Holme søkte klokkarstillinga i Bremnes i 1883, men han vart ikkje tilsett. Holme sa opp klokkarstillinga i Bømlo. Han reiste frå kommunen. Ole Helgesen Vorland var knstonstituert i klokkarstillinga mellom Aadnanes og Holme. Då Holme reiste, vikarierte Endre Olson i lærar- og klokkarstillinga til ny var tilsett. Klokkarstillinga og lærar var no ledig. Det var to sokjarar: Endre Olson og Kristen Endresen. Endre Olson vart innstilt som nr ein. Men det vart ikkje godkjent. I 1885 vart Endre Olson tilsett som lærar i Klubben og Rubbestad krinsar.

I 1889 låg det føre søknad frå Endresen om han og lærar Olson kunne byta post. Skulekommisjonen gjekk samråystes med på det. Frå 1890 til 1897 var Endre Olson lærar og klokkar i Bømlo sokn. Han hadde no familie. Sidan det er feil i bygdeboka for Bømlo, tek eg med nokre rettingar. Endre Olson er fødd i 1859. Han har ikkje vore lærar i Hiskjo og Geitung. Han hadde barna a) Petra f. 1883 d. ug. i


1913, b) Olaf f. 1885. Reiste til Amerika. c) Randolph f. 1887, Stavland. d) Nils f. 1889, Eide. I Bømlo fekk dei barna e) Arnt f. 1891, f) Emma f 1893, g) Halvdan f. 1895, h) Marie f. 1897 d. 1958 ug. lærar.

#### Ny skulelov i 1889.

Etter lova skulle det no vera fastskule i alle krinsane. Skuleplikta var frå 7 – 14 år. Fagkrinsen vart utvida. (Det var vel stort sett avhenging av læraren.) I Bømlo sokn vart Andal oppretthalden som skulekrins, etter mange møte med politikarane. Det øvste organet for skulen i kommunen vart kalla skulestyret, tidlegare skulekommisjonen. I skulestyret var ikkje presten sjølvskriven formann. Formannen vart vald av skulestyret. Presten Tormodsæter vart formann 1890 - 91. I 1892 vart lærar Markus Kirkeide vald til formann. Han reiste frå kommunen i 1885. Han fekk ikkje permisjon frå lærarstillinga i Løkling. Andal skule vart halden oppe til 1937. Då vart skulen nedlagt. Krinsen hadde fått skulehus i 1909. Krinsen hadde lærar i lag med Tjong og Espevær. Lærar Ole Helgesen Vorland var lærar der til han gjekk av for aldersgrensa. I 1924 kom Peter T. Bore som lærar i Tjong og Andal. Etter den nye skulelova i 1936 auka timetalet for elevane, slik at Bore hadde full post på Tjong, då Andal var nedlagt. Men i 1963 vart elevane saman med læraren overført til Hillestvedt skule.

I Espevær var det to lærarar. Eine læraren hadde småskulen, så kom ein annan og hadde storskulen. Krinsen var interessert i meir skule. Frå 1909 vart det ein lærar som hadde heile skulen. Folket i krinsen betalte kommunen sin part i lærarlønna. Det er særleg to lærar som gjorde si teneste der. Tormod Aksnes, fram til 1918. Kona, Marie Aksnes, hadde ein del vikariatar i Finnås medan dei var i Finnås. Etter han kom Jan Hermann Hermansen i 1920 og fram til han måtte røma landet for illegalt arbeid under krigen i 1942. Kona til til Hermansen hadde ei tid 1. klasse på Hillestvedt og småskulen i Espevær. Ved skulelova i 1936 vart skuletida for elevane auka. Klara Hermansen som hadde småskulen i Espevær og første klasse på Hillestvedt fekk full post ved Espevær skule i 1937.

Sjur Vestrheim kom til Finnås som lærar i 1868. Han hadde ei tid Løning og Espevær krinsar. Men mange gonger leigde han andre menn til å ta skulen for seg, særleg ute i Espevær. Etter 4 år vart lærargjerninga slutt.



Første rekke fra venstre: Ole E. Vorland (Bergen), Gabriel N. Vorland, Bernhard J. Loddet, Kristian A. Eidesvik (USA), Hilda Malene B. Vold (g. Storksen, Moster), Hansine H. Vorland (g. Vestvik), Hanna J. Vespestad (g. Johnsen), Berthine L. Loddet (g. Erresvåg), Johanna K. Lønning (g. Emmerhoff, Halsnøy).

Andre rekke: John E. Vorland (Bergen), Endre M. Vestvik (Randaberg), Alfred O. Barene, Elias M. Kallenåg, Anbjørn A. Lønning, Petra A. Vold,

Tora J. Vespestad (Bergen), Julia A. Solheim (g. Vestvik), Magna J. Jansen (g. i Oslo), Gyda S. Vestvik (g. Haugjerg, Tittelsnes), Rakel Aa. Vorland (g. Horland)

Tredje rekke: Berger Aa. Vorland, Tollef J. Vespestad, Alfred A. Kallenåg, Andreas L. Loddet, Kristian O. Horland, Amanda R. Horland (g. Sæverud, Haugesund),

Johanna N. Vorland (g. Stølsvik, Stavanger), Karen A. Vestvik (USA), Sofie S. Vestvik (g. Valen, Haugesund), Ceselia J. Vorland (g. Treiten, Torviktbygd),

Nilsine A. Vestvik (USA), Césilie S. Vorland (g. Odland, Haugesund), lærar Halvard Heggland (frå Tynset).

Fjerde rekke: Nerman N. Vorland (USA), Severin Aa. Lønning, Johannes M. Kallenåg, Gabriel L. Eide, Beate H. Holme (g. Hegeland, USA),

Asseline (Inda) M. Horland, Nors O. Eidesvik (g. Kallenåg), Elisabeth O. Barene (g. Andal), Anna S. Horland (USA), Anna M. Kallenåg (g. Toft),

Serine S. Vespestad (g. i Haugesund), Ingeborg E. Horland (g. Vespestad), Cecile A. Eidesvik (g. Horland)

Femte rekke: Torres L. Loddet, Peder K. Lønning, Jens O. Barene (Haugesund), Anton A. Vestvik, Karinna K. Lønning (g. Spitsvø, Moster), Garine H. Vorland (g. Nilsen),

Lina A. Vold (g. Vold), Serine (Sina) J. Vespestad, Dorthea A. Lønning (g. Vihord, Valestrand), Gabrielle Aa. Vorland, Gabrielle O. Eidværk.

Sjette rekke: Einar K. Kallenåg, Hans H. Holme, Grethard A. Solheim, Kristoffer K. Lønning, Åsa N. Vorland, Hanna A. Andal (g. Bårdsen, Haugesund),

Inga P. Kolbjørnsen (g. Lønning), Nilsine M. Vestvik, Regine (Gina) S. Vorland (g. Vik), Berthine H. Vorland (g. Vespestad), Amanda A. Vestvik.

Endre Olson søkte klokkarstillinga i Bremnes og vart tilsett der i 1897. Det vart bygt skulehus i 1896. Det var mange tilsetjingar før Heggland tok i mot klokkar/lærarstilling i Bømlo i 1900. I desse vikariata var student Magnus Aanderaad lærar, han hadde skula til saman 52 veker. Aanderaad vart høgsteretsadvokat. Broren vart prest. Far deira var ein husmann på Goddo. Heggland hadde ikkje vore lenge i posten, før han sette fram krav om at det måtte skaffast lærarbustad. Allereie same hausten han hadde teke til i posten, kom det klage frå tre fedre. Heggland hadde teke seg den fridom å innföra andre lesebøker enn dei som skulestyret hadde gitt løyve til. Den nye leseboka var Nordal Rolfsen si. Den var mykje betre enn Jensens lesebok. Det var berre det at den inneheldt for mange ”verdslege” stykke. Det stod til og med eventyr og forteljingar som Bjørnson hadde skrive. Det vart mykje sjau om lesebøkene. Saka var oppe på mest alle skulestyremøta ei tid og hamna til slutt i departementet. Departementet gav Heggland medhald. Det viser ikkje mykje i tilsynsprotokollen om lesebøkene. I 1902 står det ”tilsynsudvalget gav læreren den besked, at Jensen Læsebog modte benyttes fra nudit og give foreldrene den ordre at skaffe bogen”.

Saka spissa seg til. Når ein ikkje kunne komma nokon veg med lesebøkene, måtte ein finna andre argument, og det kom påstand om at lærar Heggland skulle ha mishandla elevar, slik at dei vart sjuke etterpå. Saka skulle granskast nøyne og vart så sendt til politimeisteren. Skulestyret heldt fast på vedtaket. Saka skulle verta avgjort etter paragraf 34 i skulelova. Men eit brev frå departementet sa i frå at ein lærar som også var kyrkjesongar, ikkje kan verta avskjediga utan lov og dom... Det enda med at skuledirektören bad skulestyret vurdera bytte av lesebok. Heggland sa opp i 1914.

Skuletida i Hillestvedt skule auka. Det vart bruk for ein småskulepost. Marie Aksnes vart konstituert i posten. I 1911 hadde skulen 4 klassar. Småskulen heldt til i ”Oppbyggelsehuset”. I 1924 vart ein ny skule vigsla og vart teke i bruk. Det var fleire lærerinner i småskulen. Men i 1923 kom Ingeborg Øye og ho vart verande i posten til ho gjekk av for aldersgrensa i 1969.

Heggland var til 1914. Det var fleire i klokkarstillinga. Men i 1917 kom Johs. Tvedt. Ved

skulelova i 1936 auka elevtimane så mykje at det vart bruk for ei lærarinne til. Olga Kristensen var i den stillinga til barnetaket gjekk så mykje ned i krinsen at skulen vart firdelt. Ho fekk post i Rubbestadneset. Ho hadde klasserommet sitt i kjellaren. Der var det ikkje skåp til å ha elevbøker og andre ting ho trong. Ho spurde Johs Tvedt om ho kunne få det skåpet som stod i den gamle skulen. Men nei. Det let seg ikkje gjera. - Det skåpet hører til i det klasserommet, hevda Johs Tvedt. Johs Tvedt gjekk av som lærar/klokkar i 1945.

I 1946 var skulen firdelt. Knut Brakestad kom i klokkar- og lærarstilling i 1947. Elevtalet auka og skulen var frå skulåret 55/56 sjudelt. I tillegg auka skuletida for elevane så mykje at éin lærar ikkje kunne ha to klassar. Det er grunnen til at ein i dag må vera fleire lærarar enn det var ikring 1900. Munnlege opplysningar er ikkje alltid å lita fullt og fast på. Ein må ha same opplysninga frå fleire, før ein kan lita på dei.

Det har vore ei heil rekkje med lærar, både konstituerte og lærarar med godkjend utdanning. I skulesoge for Bømlo, er dei nemnde alle som det var skriftleg notat om. Nokre har vi ved intervjuv av folk i krinsen.

#### Skulestyreformenn:

- 1890 - 1891 Prost Thormodsæter
- 1892 – 1895 Lærar Marcus Kirkeide
- 1896 - 1897 Prost Thormodsæter
- 1898 Postopnar S. Svendsen
- 1899 – 1904 Landhandlar L. Pettersen
- 1905 - 1908 Prost Selmer
- 1909 -1910 Lærar Thorsheim
- 1911 – 1915 Prost Scheldrup
- 1916 - 1/7 1916 Lærar O.A. Hermansen

#### Bømlo sokn

- 1916- 1919 Lærar Tormod Aksnes
- 1920 – 1922 Johannes Tvedt
- 1923 – 1937 Endre Vorland

Det var fleire gonger tillyst skulestyremøte 31.12. Det var møteplikt. Berre sjukdom vart akseptert for fråvære. Dersom veret var därleg, skulle ein undersøkja om grunnen var god nok for fråværet. NB. Finnås vart delt i tre, kvar kyrkjesokn vart sin eigen kommune frå 1. juli i 1916. Budsjettåret gjekk får 1. juli til 1. januar neste år.



*Olga Kristensen.*

*Foto frå Bjørg Sakseid*



*Ingeborg Øye Lodden.*

*Foto frå Hillestvært skule*

# Hillestveit skule

Av Bernhard Selle

## I år er skulebygningen 50 år. Ein liten omtale er kanskje på plass.

I 1956 tok ein initiativet til å få reist ein ny skule som stetta meir kravet til skulebygg. Skulen var vorten 7-delt og dekka såleis lite krava som skulen stilte. Skulestyret gjekk inn for å kjøpa eit areal på 14 dekar frå Torvald Vespestad til bygging av ny skule med 40 x 70 meter til leikeplass. Eigaren hadde tilbode arealet for 15000 kroner.

Det vart skipa ei byggenemnd som skulle skaffa arkitekt og det som elles skulle til. Byggenemnda vart samrøystes vald på møte i Bømlo kommunestyre den 6. mai 1957 og var slik samansett; Steinar Lønning, Knut Brakestad, Henry Henriksen, Peder L. Vespestad og Mathias P. Eidesvik. Varamenn var; Olav Mårnes, Johan Knutsen og Erling Lodden

På første møtet i byggenemnda, den 1. juli 1957, vart Henry Henriksen vald til formann og Mathias P. Eidesvik til varaformann. Knut Brakestad vart vald til kasserar og Peder L. Vespestad til tilsynsmann for tømmermannsarbeidet. På same møtet vart dei samde om å spørja arkitekt Ole Halvorsen om å teikna utkast til den nye skulen.

Det tok ei tid før alt var klart. Teikningane skulle godkjennast av skuledirektøren, på grunn av tilskot frå staten. Teikningar vart lagde fram for byggenemda. Dei kom med sine ønskje og teikningane vart reviderte. Vidare skulle mange anbod ut til diverse entreprenørar. M.a. fekk Magne H. Urrang, Haugesund, grunn og betongarbeidet, Bjarne Evensen, Bergen, sanitærarbeidet, Knut Rydland, Fitjar, det elektriske installasjonsarbeidet, Valvatnes Trelasthandel, Sagvåg, tømmerarbeidet og A.J. Thorsen, Bergen, mur- og pussearbeidet.

Bygginga kom i gang hausten 1962. Vi som var lærarar ved skulen då, kunne sjå kor bygningen fekk form frå veke til veke. Vi var fire lærarar ved skulen det året.

Hausten 1963 tok ein bygningen i bruk. Men dei første vekene gjekk vi faktisk tala over hendene på arbeidarane. No var talet på lærarar fem, og fire i tillegg for framhaldskulen.

Framhaldskulen var delt i to klassar. Det var ein praksisklasse med vekt på sløyd, tekstilforming, skulekjøkken og nokre få timer teori og ein teoriklasse med vekt på teorifag. Sløydlærar var Jon Dale, tekstilforming Berit Føleide, skulekjøkken Turid Namdal og teorilærar Bernhard Selle. Den nye skulen var som sagt for liten allereie ved start så ein måtte bruka den gamle skulen i tillegg.

Tysdag den 5te november i 1963 vart den nye skulen vigsla. Ikring 200 menneske var samla til festleg samvær i gymnastikksalen på Hillestveit skule. Der var mange innbedne ma. lensmann Robberstad, sokneprest Sørheim og distriktslækjar Fjærtoft, alle med fruer. Medlemmar av det nye formannskapet i Bømlo med ordførar Mjånes i brodden, skuleinspektør Ommedal og skulestyreformann Simon Steinsbø var òg med. Skuledirektøren kunne ikkje koma. I hans stad kom sekretær Bogsnes. Elles var entreprenør Urrang og arkitekt Halvorsen og mange andre til stades.

Skulekorpset i Bømlo, under leiing av Edvin Kallevåg, opna samværet med ”Gud signe Noregs land” og ”Jeg vil verge mitt land”. Enok Eide ønskte så alle velkomne. Han gav ei utgreiing om arbeidet ved skulebygget som no var reist og sa seg glad for at planane frå midten av 50-talet om nytt skulehus, no var realisert. Han kom og med ei helsing til sunnmørsjenta (Ingeborg Øye Lodden) som kom for over 40 år sidan. Ho hadde berre hatt to permisjonar i desse åra. Ho og mannen hadde fått to jenter.

Etter songen ”Fagert er landet”, las Ingeborg Øye Lodden ein prolog. Fru Lodden hausta mykje fagning for prologen. Førti år tidlegare var ho med på å vigsla den gamle skulen. Prologen til fru Lodden var slik:

## Prolog

I sør mot sol så vent å sjå  
vår skule ny seg reiser.  
I dag han skal si vigsle få,  
vi difor flagga heiser,  
og samla er  
til høgtid her;  
og seier til kvar gjesten:  
Velkomen ver til festen.

Som blanke borg i eventyr  
dei unge dreg og lokkar.  
For arbeid gode vilkår byr  
åt gilde barneflokkar.  
Å gjev dei fekk  
og heimatt gjekk  
med visdom, mod og styrke.  
til dug i dåd i yrke.

Og om dei stundom møta må  
dei arge troll i borga,  
dei svingar sverdet kvast –og då  
dei tyner heile borga.  
Når styrkjedrikk dei finn  
Dei trollet overvinn.  
Frå striden sterke vender,  
står støde kva som hender.

Å gjev her Askeladdar var  
Som stødt må spørja og grava,  
og tykkjer verda vid er rar,  
må svar på allting hava.  
For nettopp slike  
vart ofte rike.  
Når Per og Pål ikkje noko vinn,  
då Espen ropar: Eg finn - eg finn.

Ja, kan dei kunnskapstørsten få  
så dei må lesa og – og veksa.  
Vil nye høgder prøva nå,  
Då vert det ikkje keidsamt med leksa.  
Og velbruikt bok  
gjer mannen klok  
Og kunnskap å eiga; er stige - er makt

og kunnskap skal styre – oss vismenn har sagt.  
Når så til høge nut dei vinn  
i klærver rundt seg skodar  
og syner fagre fangar inn  
på sol i tinder rodar.  
Eit utsyn fritt  
så vent og vidt  
i luft så lett lyfter venger  
frå alt som snører og stengjer.

Til foreldre heim og lærar  
Hugs, du i ein hage steller.  
Blomar små treng livd og lys.  
Møter du for kulden - eller?  
Kjem ei haustnatt - og dei frys?

Ikkje må du gløyma vatna,  
turre landet lett svir av.  
Har du sett kor tidt det batna  
med den kveik som dogga gav?

Varsamt alltid fram du fare,  
”spede spirar lyt få stå”.  
Barnesinn dei er så vare,  
det du stødt må hugsa på

Vyrk du vere for den veike  
kanskje då han sterkna kan.  
Om du tru og mod får kveike  
tek han att sin overmann.

Trutt og tru du såmann vera,  
det har rike lovnadsord.  
Noko veks, vil grøda bera  
noko fall i gode jord.

Venta vil vi ovan høgda  
sol og signing til vårt strev  
Han som råder og har nøgda,  
styrke nok for dagen gjev.

Attersyn  
Vi no vil lata tanken gå  
mest førti år attende.

Og då vart vigsla hus som nå,  
det var så stort eit hende,  
Å nei for slott,  
mest altfor flott  
let nokon. Men så sa dei fleste;  
Me borna byda vil det beste.

Det var vel stas då dagen kom  
og vi dit inn kunne flytte.  
Den gamle skulen stod att tom  
Den hadde gjort sin nytte.  
Den var kje rar  
men no der var  
bygt hus som kom til å vara,  
for byggjing lenge var spara

Men år og dagar går så fort  
det må vi sjå og sanna.  
Og det som før var gjævt og stort  
må byttast bort i anna  
som betre gjev  
det tida krev.  
For skal det framgang vera  
ein nye verk må gjeva.

Til skulen større flokkar kom  
av born som skulle læra.  
Det då vart klart at fleire rom  
og større hus laut det vera.  
Og nye fag  
av ymse slag  
Kom til med krav ein laut stette  
nytt hus å byggja vart det rette.

Når her så lageleg grunn ein fekk  
det låg så godt til rette –  
ein då til byggjing etter gjekk  
og fart i arbeid sette.  
So hus det vart.  
Ja, heller snart  
No fint og ferdig det stender.  
Ei pryda for våre grender.

Til dei som framsynt emna til  
og sidan bygget fremja.

I dag ei takk vi gjeva vil  
om det er sikkert semja.  
Her mange er  
som takk er verd  
som ytte arbeid og givnad  
så mange her får kjenna trivnad.

Før og no  
Og før dei ofte i vegløysa laut fara  
For kulde og vate seg ikkje fekk spara.  
Og traska i tresko med tine i handa  
og kler vi i dag ville vraka og vanda.  
I heimevove vadmal dei ofte gjekk kledde.  
Åt det var det ingen dei lo ut og hædde.

Men no er det vegar og syklar og bilar  
og regnly og støvlar.- Om regnet det silar  
dei makeleg kjem fram både tørre og gode  
og kler dei seg gjer etter nyaste mode.  
I staden for tine, ber tasker så fine.  
I alt må dei nett vera så som dei hine.

No bører så tunge med bøker dei bera  
så mykje og mangt dei skal vita og læra.  
Før bøker var fåe, dei trottig laut sanke.  
Der noko dei fann for si tru og sin tanke.  
Dei gamle fortalte i skyning om kvelden.  
Og dei unge sat tekne – i ljosken frå elden.

Epilog  
No lidne er lange og skiftande tider  
og menneskja lærer med kvart som det lider.  
Men somt er det same frå opphav til ende.  
Må følge dei lover som ingen kan vende.  
Vi stundom må sorgja – og stundom får kveda  
når der etter skyer kjem sokskin og gleda.

Så gjev at kvar heim var ein innhegna hage  
der villskot og ugras vart halde i age.  
så blomane fagre fekk næring og trivnad.  
Å, uneleg stad. Å, kor fager ein livnad.  
Med bøn og med arbeid vi heimane byggjer  
på bergfaste grunn. Dei mot flaumtider trygger.



*Fra innviinga av skulen den 5. november 1963.*

*Foto frå Bjørg Sakseid*



*Utsikt mot Vespestad. Biletet er etter alt å døma teke i siste halvdel av 1960-talet. Her ser vi den gamle ferjekaien, krambua til Hans Tvedt, bedehuset, gammeskulen og nyeskulen. Skulen frå 1896 er nett riven.*

*Båtane er "Peto" innerst og "Daisy" ytterst. Foto frå Bjørg Sakseid*



Foto Telemark Flyselskap A.S

Hillestveit skule som ny. Foto fra Bjørg Sakseid



1. klasse 1963/64. Første klasse som starta på nyeskulen.

Første rekkje f.v.: Roald Martin Vold, Bjørn Arne Sørbotten, Willy Lodden, Per Einar Treit, Torbild Vestvik,

Sonja Hovland, Bjørg Vespestad, Karin Eidesvik, Marit Karin Vika, Anne Grete Vold

Andre rekkje f.v.: Terje Nilsen, Bjørn Helge Larsen, Odd Bjarne Hovland, Steinar Lønning, Johannes Magne Andal,

Einar Aga, Rolf Vestvik, Eivind Lønning, Svein Sivert Strand, Nils Helge Hovland.

Lærar: Gunnvor Hettland. Foto fra Hillestveit skule

Det vart halde fleire talar og helsingar: Skulen skulle ikkje berre vera ein stad der ein sette kunnskapen i sentrum, men og vera med å oppdra barna til kristen tru og gode samfunnsborgarar.

Etter songen ”Å leva det er å elsa” vart det servert ein festmiddag der bömlingane synte at dei var framifrå vertar. (men stuerten var ifrå Sortland). Etter middagen var det omvisning på skulen. Inngangspartiet delte skulen på ein måte. Den nye skulen var i to etasjar. I første etasje var - i vest, sløydsal, der ein kunne ha maks 15 elevar. Skulekjøkkenet var det neste rommet. Så kom teknisklasserommene. I andre etasje var det klasserom og naturfagrom. Der var også administrasjonsromma. Rom for styraren, og lærarrom. På lærarrommet var der høgtalarskåp, der ein kunne gi beskjed til elevar i klasseromma. Der var også ein platespelar som var tenkt på for musikkundervisning. Vidare på den sida var ein lesesal, den vart brukt som klasserom. Biblioteket var også i det rommet.


Skulekorpsytte sytte for å få festlyden til kaffebordet. Skuleinspektør Ommedal orienterte om skulesektoren. Han kom inn på skuletransporten og sa at bilskyss var ingenting å rekna mot det ein måtte ha i bilstopp til barna. Han kom også inn på planane for ungdomsskule på Sortland og Våge. Dei vart det ingen ting av. Ordet vart gitt fritt og fleire tok ordet. Alle let vel. ”Som seg hør og bør” var det ingen negative kommentarar. Akk, ja ”Sånn er livet”.

Då skulen var ferdig, var prisen rundt 1,2 mill. kr.

Skuleåret 65/66 gjekk 7. klasse etter ungdomsskuleordninga med kvardags-skule. Læraren for ungdomsskuleklassen var konstituert. Han fekk i oppdrag å skriva opp kva for plater som var aktuelle å ha på skulen. I framleggelsen hans var det ei plate som hadde vals i tittelen. Det gjekk då ikkje ann, var uttrykk nokre kom med. Det vart visstnok ikkje kjøpt inn plater.

Ungdomsskuleelevene skulle ha rettleing om vidare skulegang og arbeid. Det trongst etter kvart rom for rådgivar som skulle rettleia. Dette rommet vart laga til i gangen utanfor lesesalen.

På andre sida av inngangspartiet var gymnastikksalen, med doble dører. Dei førte rett inn



Rektor Knut Brakestad

i salen. Det var ei anna dør på utsida av inngangen som førte inn i avkleddningsrommet. Ved sida av det rommet var det dusjar. Gymnastikksalen hadde ei scene og rommet kunne nyttast i festlege høve. Det vart halde juleavslutning for framhaldskuleelevene. Juletreet var fint pynta. Det var gang rundt juletreet. Men dagen etter var det ein ring midt på golvet. Moten då var spisse hælar på festskor, og ved seinare høvet vart slike sko ikkje populære på juleavslutninga. I staden for vanlege sko, var det jenter som stilte opp med støvlettar, dette for å demonstrera.

I 1963 vart kommunane Bømlo, Moster og Bremnes slått saman til ein kommune, Bømlo. Rammetimetalet vart noko høgare, enn det var året før for skulen. Bremnes hadde det høgaste timetalet som departementet gav refusjon for. I tillegg til det vart også Tjong skule slått saman med Hillestveit.

I 1965 innførte ein niårig skule. Hillestveit fekk halda fram til dess ungdomsskulen vart bygd på Våge. Knut Brakestad vart konstituert som styrar.

Berge Olsen var konstituet som rådgjevar. Han og kona hans, Liv, for til Espevær i 1973. I ledig stilling



7. kl. 1962/63 gjekk på gamleskulen. Framme f.v.: Kirsten Breien, Astrid Sedal, Anne Lise Hovland, Sigfrid Samdal, Karense Lønning. I midten f.v.: Bernt Vold, Laila Lødden, Arne Lødden, Ada Lødden, Magne Olson, Anne Berit Lønning, Aud Kallevåg, Kari Lødden, Berit Johanne Vespestad. Bak f.v.: Knut Brakestad, Karl Eide, Lars Eide, Per Karsten Lødden, Knut Lønning

som rådgjevar i 1973 vart Bernhard Selle først konstituert og sidan tilsett. Han hadde godkjend utdanning for ungdomsskulesteget. Han fekk spørsmålet om han ville halda fram på skulen. Det svarte han ja på, for han heldt på å flytta til ein lærarbustad på Vorland.

No var timetalet for 5te og 6te klasse så stort at lærar kunne ikkje som før ha to klassar. Desutan var det ikkje alle fag som høvde for éin lærar. Vi fekk difor fleirlærarsystemet. Det gjekk bra, dersom ein var samde om kva som var best for klassa. Det kunne difor vera ei missnøye, men den kom aldri opp til overflata.

Bygging av ungdomsskule på Våge vart lagt på is. Ved varig ungdomsskule på Hillestveit måtte ein byggja på. Det vart skipa ei byggenemd. Lærarane ved skulen fekk ein medlem med i nemnda, og Arvid Kaldheim vart vald. Ved første framlegg frå arkitekten syntes lærarane at det måtte også endrast noko på eksisterande bygg. Arkitekten sa at ved ombygg av bygg skulle ein ikkje gå for mykje

inn i det gamle. Men ved samtale og ønskje gjekk han med på å endra på delar av eksisterande bygg. Arkitekten kom med nytt framlegg. Det vart då også ein del endringar. "Det er mykje å endra dette", sa éin. "Det er ikkje så mykje når det gjeld teikningane, det er verre å endra på ting når det er bygt", sa arkitekten. Hovedinngangen til skulen er no flytta til nybygget. Der finn vi admininstrasjonsromma og lærarrom, med arbeidsrom for lærarane.

Sloydsal, kjøkken og tekstilformingsrommet i gamlebygget var gjort om til vanlege klasserom. Det vart eit nytt bygg ved sida av det gamle. Der skulle forming og naturfag og andre små rom vera. Så skulle det vera symjebasseng, med tilhøyrande dusjar, samt badstu. Frå andre etasje går ein korridor ned til det nye bygget. Ein går tørrskodd mellom lærarrommet og klasseromma.

I dei sidte 50 åra har skulen hatt følgjande rektorer; Knut Brakestad, Oddvar Roseth, Bjarne Kristiansen, Liv Olson, Torunn Helene Bakka, Alf Harry Øygarden, Magne Tveita og Kåre Bogetveit.



7. kl. 1963/64 gjekk på nyeskulen.

Framme f.v.: Reidun Lønning, Berit Lødden, Berit Samdal, Kirsten Vika, Anne Lise Solheim, Helga Knutsen

2. rekkje f.v.: Herborg Larsen, Solveig Solheim, Aud Hovland, Arne Lønning, Liv Eidesvik, Kjell Eidesvik

3. rekkje f.v.: Alf Vestvik, Gudmund Holme, Rolf Magne Skippervik, Per Terje Holme, Rolf Hovland, Arild Aga, Marvin Solheim, Atle Lødden, Bernt Emil Vika

4. rekkje f.v.: Arvid Lønning, Karsten Eide, Kåre Vespestad, Leif Johannes Aga, Einar Pedersen,

Leif Reidar Hovland, Ole Nilsen

Bakerst lærar Knut Brakestad.



Hillesvært skule i 2013. Foto B.E. Vika



Lærarane då skulen var ny i 1963.

Framme f.v.: Ingeborg Øye Loddan, Turid Nomdal, Berit Føleide, Gunnvor Hettland  
Bak f.v.: John Dale, Knut Brakestad, Bernhard Selle, Harald Stoknes, Peter Bore



Lærarar, assistentar og kontorsekretær i 2013.

Framme: Magne Treita, Åshbjørg Husevik, Torunn Samdal Olson, Anne Grete Espervik, Hildegunn Lønning, Lena Christensen, Norvald Nytreit, Ellen Vold, Nona Kvale Andal, Lisbeth Solheim, Margrethe Johannessen Eide, Brit Aslaug Hindenes, Bernt Emil Vika. 2. rekkje: Elin Nedrebo Hope, Just Ludvig Arnevik, Kåre Bogetveit, Benthe Juell Lønning, Anne Ljosdal, Laila Sæverud, Torhild Neset Vika. 3. rekke: Per Harald Gjerde, Svein Stavland, Ole Bertil Moseng, Elin Borgenvik Eidesvik, Bergit Ahvseike Slettebø, Signe Strand Dørheim, Brit Anne Helle Kallevåg, Johanne Osnes Lønning.




Etter som dette var den siste klassen Ingeborg Øye Loddens hadde før ho vart pensjonist tar vi med dette bildet.

Klassen er 2. kl. 1966/67. Framme f.v.: Lilian Strand, Kristbjørg Vespestad, Wenche Lønning, Randi Eide,

Benthe Lønning, I midten f.v.: Svein Ivar Onarheim, Arvid Loddens, Arvid Kallevåg, Håkon Solheim, Inge Reidar Kallenåg,

Knut Arne Vespestad, Kjell Idar Lønning, Bak f.v.: Ingeborg Øye Loddens, Simon Eidevik, Karl Vikka,

Knut Helge Vestrik, Svein Helge Vold



Tjøng Skule i 1938. Framme f.v.: Herborg Husa, Thea Vika, Kari Vika, Andrea Vika, Ruth Vika, Ingrid Sørenes, Margrethe Sørenes,

Anny Husa, Jenny Husa, Lovise Tjøng, Birgith Sørenes, Signe Holme

I midten f.v.: Dorthea Vestheim, Brynhild Vika, Helga Barane, Anny Vika, Peter T. Bore, Bertha Tjøng, Ingeborg Vika, Tor E. Holme, Hulda Skarheit

Bak f.v.: Lauritz Vika, Lars Tjøng, Edwin Vika, Magne Holme, Torbjørn Bore, John Bore, Ragnvald Skarheit, Nils Skarheit, Jakob Vika, Nils Husa



Søndagskaffi på Zahlabuset tidleg på 1900-talet. Mannen på stolen til venstre er Jørgen Hovland, f. 1877, mangeårig krambugut på Zahlabuset. Guten bak bordet kan vera Kristian Hovland, f. 1897. Dama som står bak bordet er Inger Zahl (fru Zahl), f. 1870, eigar av forretninga på Zahlabuset.

Dama på benken til høgre meiner vi er Anna Andal, f. 1883.

Foto frå Annbjørg Sætre

Biletskanning og formgjeving: Bernt Emil Vika  
Trykkeri: Leirvik Trykkeri AS  
Opplag: 800 eks.